

KOMMUNALT INFORMASJONSMAGASIN FRÅ LUSTER KOMMUNE

# LUSTRA

## NYTT

Nr. 2 | 2022 27. årgang



*God Jul!*



*Ordførar Ivar Kvalen.*

*Foto: Andreas Eikseth Nygjerd AENfotografi.*

## Gode lustringar..

Hausten 2022 er i kjømda, bjørka står gul utanfor ordførarkontoret og nysnøen ligg godt nedi Røneidsmarki, men det er likevel milde værdagar desse dagane i skifte frå oktober til november. Bra med nedbør har det og vore siste vekene, kraftmagasina tek villig i mot påfyll for det er godt å ha noko å tære på når kjølden kjem.

Sjølv i desse milde og solrike haustdagane er det likevel eit alvorleg drag i lufta, i vertfall om ein tek innover seg både nasjonale og internasjonale nyhende. At eitt av våre naboland har angripe Ukraina på verst tenkelege måte påverkar oss alle. Fyrst og fremst menneskeleg, at president Putin sender rakettar og bomber direkte mot skular, sjukehus og bustadblokker med forsvarslause menneskje er ikkje til å tru. Att me i 2022 skulle oppleve den største flyktningekatastrofa i Europa etter andre verdskrig er ufatteleg trist. Luster kommune er bedt om å ta imot 90 krigsflyktningar frå Ukraina, til no har me busett 52 personar.

Men krigen i Ukraina påverkar oss på så mange måtar, ulike råvareprisar, matprisar og ikkje minst energiprisar er verkeleg i ulage. Hjø oss i Noreg er det spesielt på kraftprisen me har merka det mest. Ein kraftpris som i periodar har vore 20 gonger over normalen. Alle oss merkar dette på lommeboka, difor var det veldig bra at regjeringa kom opp med straumstøtteordninga til privathushaldningane, det tek i vertfall dei verste toppane. Seinare har også Luster kommune forbetra den statlege ordninga for eigne innbyggjarar. Særskilt viktig var det å få på plass fastprisavtale for næringslivet i Luster, det skapar trygghet og stabilitet. Mange av våre bedrifter brukar mykje straum og har begrensa moglegheiter til å redusere kraftforbruket, både oppvarming, kjøling,

produksjonsmaskiner og datautstyr må gå uansett, mange av reiselivsbedriftene våre har sommarsesongen som viktigaste inntjeningsperioden, men straum må det bruke året rundt, også dei månadane det ikkje er turistar eller arrangement.

Luster kommune rår over noko som vert kalla konsesjonskraft, det er ei mengd kraft som kommunen vert tildelt i samband med kraftutbygging, vanlegvis er det 10% av samla kraftproduksjon på dei store kraftverka. Samla får Luster 231 GwH, 1 GwH (gigawattime) er det same som 1 million kilowattimar. Uttak av konsesjonskraft er avgrensa oppover til allmennforbruk, det vil seie det me lustringar klarar å bruke på ei år, dette forbruket er no berekna til ca 100 GwH. Det resterande 131 GwH går til fylkeskommunen. Luster kommune har alltid solgt sin del av konsesjonskrafta i marknaden til det som vert kalla spot-pris. Det har over tid tent oss godt, ikkje minst dei siste par åra. Sjølv om kommunen no har tilbydd næringsliv og privatkundar fastprisavtale vil inntektene våre bli svært gode.

Det er viktig at kommunen steller seg slik at desse ekstraintektene kjem innbyggerane til gode i åra framover og for framtidige generasjonar. Det er lett å bruke pengar når ein har ekstra god råd, men mi haldning er at ein bør sette til sides pengar for å møte utfordringar og investeringar i framtida. Eit gamalt ordtak seier «ein skal ha sterk rygg til å bere gode dagar», det gjeld framleis.

God jul til dykk alle og eit hjarteleg godt nytt år!

Ivar Kvalen, ordførar

# Rådmannen har ordet:

## Plan- og budsjettarbeidet

Plan- og budsjettarbeidet er i fokus fram mot årsskiftet. Det langsiktige arbeidet gjennom kommuneplanen, og det meir kortsiktige via budsjettarbeid, budsjettprosessen. KPS, kommuneplanen sin samfunnsdel, vart avslutta før sommarferien der kommunestyret har peika ut satsingsområde. Satsingsområda; aktiv heile livet, tryggleik, distriktsinnovasjon og klimasmart er understøtta av mål og strategiar som det skal arbeidast ekstra med i åra framover. Planen er resultat av eit omfattande arbeid, gode innspel og medverknad frå mange, takk for det. Planen skal no følgjast opp med arealplanlegging, KPA, kommuneplan areal. Me vil no tidleg på nyåret invitere til innspel til denne planen. Eit viktig arbeid, då det vert meir og meir fokus på at nye tiltak må gå planvegen. Om me likar det eller ikkje så er det det som er spelereglane, det vert vanskligare og vanskligare å få på plass nye tiltak via dispensasjonar. Dette er ein hovudgrunn til at det er viktig å få innspela om aktuelle tiltak inn i planarbeidet. Krava til kommunen er grundige favevurderingar, det er utsjekk av kulturminne/ arkeologi m.fl. og det er å sikra gode medverknadsprosessar /innspelsprosessar på nye tiltak og større endringar i tiltak. Ta utfordringa bli med på KPA-prosessen.

Budsjettprosessen er prega av det me må kalla unormale og usikre rammevilkår. Rådmann snakkar i ein del samanhengar om nokre K-ar i fokus; Korona er avløyst av Kraft, Krig, Kapital og Klima. Summen av dette er ein litt krevjande budsjettthaus. Grunna kraftinntektene så er det ikkje alle som trur rådmann på dette, men så usikre som rammevilkåra og oppgåvene er framover, så meiner eg faktisk at det ikkje er enkelt. Kor mykje av eventuelle ekstra kraftinntekter me faktisk skal våge/prioritere inn i drifta er ei utfordring. I det nasjonale kommuneopplegget vert kommunane bedd om å ta del i demping av inflasjon og renteauke gjennom innstramming - kanskje ikkje urimeleg - men det betyr at løns- og prisauke ikkje fullt ut er kompensert i inntekstopplegget til kommunane. Luster er i ein gunstig situasjon relatert til kraftinntekter, men dei er både litt usikre, dei er i spel, og det er kamp om dei. Staten vil no ha ein tredjedel av «supergevinsten». Kanskje ikkje urimeleg det heller. Til dette kjem at kommunestyret har laga kommunale ordningar for både næringsliv og husstandar på straum som gjer at me står igjen med meir normale og gjerne sågar litt usikre inntekter i den kommunale økonomien. Me kan pr no ikkje forskottere at strauminntektene vil gje vesentleg meir eigenkapital som ev kunne auka investeringstakt/nivå utover det planlagde.

Krigen i Ukraina er definitivt krise, både krigen i seg sjølv og flyktning-situasjonen som den skapar – som og gir oss utfordringar. Me er godt på gang med å ta mot flyktningar og det kommunale apparatet og lustringane stiller opp på ein

Rådmann  
Jarle Skartun.




god måte. Usikkert og her, men må planleggja for eit større mottak og busetjing og i 2023. Me får ei større utfordring med å skaffe bustader.

Drifta skal elles vidareførast på same nivå som no. Grunn til uro er gjerne størst i høve rekruttering, det å skaffe bemanning og ikkje minst vikarar er vorte meir krevjande. Me har ein struktur med mange småe einingar, både her og elles vert det sårbart når me manglar bemanning. Men heldigvis er det mange som står på og gjer ein flott innsats og også ein ekstra innsats når det røyner.

Me ser og at investeringsoppgåver står i kø. Ynskjemåla er større enn eit realistisk og tilrådeleg investeringsprogram kan ta unna. Me reknar på ei planramme på ei brutto investering på om lag 500 million kroner i kommande 4 -årsperiode. Me har mykje infrastruktur som treng vedlikehalds-/oppgraderingsinvesteringar og fleire nyanlegg på prioriteringslista. I framlegget til større investeringar er det prioritering av nytt helsesenter og barnehagesituasjonen på Hafslø som står fremst i køen for planlegging. Fleire mellomstore tiltak bankar og på døra og her ser me på alternativ som gjer at fleire kan prioriterast i perioden.

Rådmannen sin største jobb og ansvar er å sikra den kommunale drifta på ein god måte og følgje opp kommunestyret sine vedtak. Det er og viktig å sjå framover på kva som møter oss. Det som i dag gir oss størst bekymring er gjerne ikkje kommuneøkonomien, men definitivt rekruttering og bemanning – og å få på plass eit realistisk investeringsprogram. Globalt ser me og kriser som smittar over på det nasjonale og også på det kommunale. Ein kan nemne klima, matvare, finans og ikkje minst energi som stikkord på at det er krevjande tider. På godt og vondt får me utfordringar og verknader og i Luster – og dei må me ta så godt me kan!

  
Jarle Skartun, rådmann



## Dette bør du ha heime

Tenk igjennom kva farar og ulukker som kan ramme deg heime, og førebu deg best mogleg. Dersom straumen blir borte eller du blir isolert av vêret i fleire dagar, bør du vere rusta til å klare deg sjølv i minst tre døgn.

Eksempel på beredskapslager:

- 9 liter vatn per person
- To pakker knekkebrød per person
- Ei pakke havregryn per person
- Tre boksar middagshermetikk eller tre posar tørrmat per person
- Tre boksar pålegg med lang haldbarheit per person
- Nokre posar tørka frukt eller nøtter, kjeks og sjokolade
- Medisinar du er avhengig av
- Ved-, gass- eller parafinomn til oppvarming
- Grill eller kokeapparat som går på gass
- Stearinlys, lommelykt med batteri eller parafinlampe
- Fyrstikker eller lighter
- Varme klede, pledd og sovepose
- Førstehjelpspakke
- Batteridreven DAB-radio
- Batteri, ladd batteribank og mobilladar til bilen
- Våtserviettar og desinfeksjonsmiddel
- Tørke-/toalettpapir
- Sanitærprodukt
- Litt kontantar
- Ekstra drivstoff og ved/gass/parafin/raudsprit til oppvarming og matlaging
- Jodtablettar ved atomhendingar om du er under 40 år, gravid, ammande eller har barn som bur heime



Les meir på:  
[sikkerhverdag.no/nn](http://sikkerhverdag.no/nn)



«Kom deg ut dag» på Langholmen.



«Kom deg ut dag» på Heggmyrane.

## Vegen til eit nytt liv – inkluderingsarbeid

Flyktingtenesta har sidan 1.1.2016 teke imot 131 flyktingar. Berre sidan mai i år har me, i skrivande stund, teke imot 48 flyktingar.

Her blir dei møtt av oss i flyktingtenesta som tek imot og hjelper til med busetjinga. Dei må søkje om introduksjonsprogrammet, der dei både får norskopplæring på skulen og er i praksis. Nokon går også rett ut i jobb. Ein viktig del av introduksjonsprogrammet er også å delta på ein fritidsaktivitet og målet er å verte inkludert.

For å verte godt inkludert, tenkjer me at me må presentere vår flotte natur og gjere som andre lustringar, nemleg å gå på tur. Naturen har god effekt på helsa vår og kan gi både ein dempende og terapeutisk effekt for mange. Me har vore på Molden, på Vorfjellet, i Engjadalen og fram til

Nigardsbreen, for å nemne noko. Eit viktig arbeid er samarbeidet med frivillige organisasjonar. Me er med på ulike arrangement frå både Røde kors, Barnas turlag, Frivilligsentralen osv. «Kom deg ut dagen» er svært populær der me både har vore på Langholmen på Hafslo og på Heggmyrane skisenter. Me engasjerer oss i aktivitetar som skjer i bygda. Me har mellom anna heia Bjørn Skovly av garde på sykkelstur til Uganda, me har vore med på aktivitetsdag med NTP og Premier League og Verdsdagen for psykisk helse.

Flyktingane sjølv har eit stort ansvar for å verte kjent med det norske samfunnet, men for å verte godt inkludert, tenkjer me at alle må bidra, det er oss i heile kommunen som tek imot og ønskjer velkomen.



Tur til Nigardsbreen i sommar.



Heiet Bjørn Skovly av garde til Uganda.



Aktivitetsdag med NTP og Premier League.




# Luster vaksenopplæring

Vaksenopplæringa har brått meir enn dubla elevtalet siste månadane. Totalt er det no 49 elevar ved skulen, fordelt på 3 ulike klassar og eit kveldskurs.

Kommunen snudde seg raskt og fekk sett i gong ombygging av Grandmo Lagshus, slik at det hausten 22 stod klart eit nytt klasserom til å ta i mot fleire elevar.

Mange nasjonalitetar er representerte på vaksenopplæringa. Elevar frå Syria, Filippinene, Polen, Latvia, Kongo, Tyskland, Eritrea, og Ukraina har eitt felles mål – å lære norsk. Med mange ulike nasjonar følgjer og ulike skriftspråk, og med dette overgang til latinsk alfabet. Sjølv med høg utdanningsbakgrunn kan ein kome til Noreg utan moglegheit til å lese og skrive på skriftspråket me nyttar i Noreg.



Å lære seg eit nytt språk i vaksen alder er ingen spøk. Me er alle ulike og lærer best på ulikt vis. På vaksenopplæringa er det difor stort fokus på å nytte ulike læringsmetodar. Me har stor vekt på munnleg aktivitet, gjerne gjennom spel, der ein gløymer litt at ein er i ein opplærings situasjon. Me har ordinær klasseromsundervisning, stasjonsopplegg og språkopplæring gjennom fysisk aktivitet.





# Kommunestyrevalet 2023: **Innlevering av vallister** **– frist 31. mars kl. 12.00**

Parti og grupper som ønsker å stille til val ved kommunestyrevalet i Luster, må ha levert listeforslag til valstyret i kommunen innen 31. mars kl. 12.00.

Listeforslag kan leverast på papir (utifrå ein mal) eller via ny elektronisk løysing gjennom ID-porten.

Sjå på [luster.kommune.no](http://luster.kommune.no) under val. Der er informasjon om krav til listeforslag, med rettleiing både til papirlister og elektroniske lister.

Kontaktperson er valstyresekretær Anita Bjørk Ruud.

**Postadresse:**  
Luster kommune,  
valstyret  
Postboks 77  
6866 Gaupne

**Besøksadresse:**  
Luster kommune,  
valstyret  
Rådhusvegen 1  
6868 Gaupne



# VAL





# Luster har fått kommuneTV

Det betyr at du kan sjå kommunestyremøta og formannskapsmøta direkte sendt via ei internettside. Opptaka vil også ligge tilgjengelege så du kan sjå dei seinare. Dersom du er interessert i korleis ei konkret sak er drøfta og vedteken, er det lett å finne akkurat den saka.

På kommunen si heimeside ligg det lenke til kommuneTV. Der ligg komande sendingar øvst i biletet, og sendingar frå tidlegare møte ligg nedst på sida under sist publisert. Der kan du også sjå kor mange gonger nokon har sett på sendinga.

## Kvifor kommuneTV?

Kommunen ynskjer å vere open og tilgjengeleg. Via kommuneTV synleggjer me lokaldemokratiet vårt. Me håpar lustringar og andre er interesserte i politisk debatt, at det blir brukt i skular i demokratiopplæring og at det

kan auke interessa for politiske saker.

Kommunestyret sitt møte den 2. september har pr. 13. oktober 633 visningar. Det var i dette møtet kommunestyret handsama straumstøtte til private hushaldningar.

## Slik brukar du kommuneTV

Du finn ei rettleiing på heimesida om:

- Du kan velje språk i tekstdelen av kommuneTV: nynorsk, bokmål, svensk og engelsk.
- Du kan velje kameravinkel. Det er fleire kamera i bruk i kommunestyret, og du kan velje om du vil sjå podiet med ordførar og talarstol eller om du vil sjå dei som sit i salen. Du kan også velje å sjå det som blir presentert på storskjerm i møtet.
- Votering. Politikerane røystar digitalt i sakene. I kommuneTV blir dette kalla votering, og det er visuelt


synleg kven som har røysta på dei ulike forslaga i saka.

- Forslaga og saksdukementa er tilgjengeleg.
- Kven sa kva?

Frå kommunestyremøta kan du også sjå oversikt over kven som har hatt innlegg i saka, kven som har vore på talarstolen. Då kan du velje å gå direkte til det innlegget og sjå og høyre det.

## Framleis kommunestyret på Radio Luster

Finn Skare har i mange år gjort opptak og sendt via Radio Luster. Du vil framleis kunne følgje kommunestyremøta via radioen. Finn slepp å gjere opptak, men får tilgang til dei kommunale opptaka.





# Stor framgang for Luster i Openheitsbarometer 2022!

Luster kommune jobbar for å vera ein open og tilgjengeleg kommune, der innbyggjarane og andre enkelt skal få tilgang til informasjon dei ynskjer. Ein god målestokk på dette er den årlege rapporten som Kommunal Rapport og Norsk Presseforbunds offentlighetsutvalg gjer ut - Åpenheitsbarometeret. Her blir alle kommunane testa på mellom anna handsaming av innsyn, heimeside, søkefunksjonar på postlista og tilgang til offentlege dokument.

## Resultat

I openheitsbarometeret for 2021 gjorde Luster det heller dårleg. Me kom på 42. plass i Vestland, og på 335. plass i Noreg. Dette måtte me gjera noko med! Det siste året har me gjort store endringar, som

å fulltekstpublisera nokre saksområde på postlista, gjera postlista lenger tilgjengeleg enn tidlegare, me har starta med KommuneTV, og oppdatert informasjon på heimesida. Me har også gjort dei historiske byggesak og landbruksarkiva tilgjengeleg digitalt.

I år kom Luster på 13. plass i Vestland og på 78. plass av alle kommunane i Noreg! Me håpar at de som innbyggjarar merkar skilnaden. Me lovar å halde fram arbeidet med å gjera informasjon og dokumentasjon lett tilgjengeleg for alle.

## Dette vart målt i 2022:

- *Responstid på krav om innsyn i revisor sin årsberetning for 2021.*
- *Søkefunksjonar på kommunen si postliste.*
- *Om kommunen legg ut*

*klikkbare fulltekstdokument på postlista.*

- *Har nettsida kontaktinformasjon til politikarane?*
- *Har kommunen byggesaksarkivet på nett?*
- *Gir kommunen informasjon om innsynsretten etter offentleglova?*
- *Blir organinterne dokument journalført i kommunen si postliste?*
- *Hurtigheita på publisering av politiske saksdokument og vedtak.*
- *Blir SMS journalførte?*
- *Har kommunen ei forhandsbestemt, maksimal levetid for postlistene på nett?*
- *Kor langt tilbake går postlistene på nettsiden?*
- *Er postlister for kommunale føretak (KF) publisert på nett?*





## Nye lustringar: **Siri og Svein Inge**

### **Kva er det beste med å bu i Luster?**

– Det er nok familie, vener, naturen, skisenteret og Lustrabadet. Så er det også veldig kjekt at det er mange andre bra tilbod som trygge og gode oppvekstmiljø og aktivitetstilbod for ungane. Me er svært fornøgd med korleis me er blitt tatt i mot hjå barnehage, helsevesenet, nabolaget og lokalmiljøet. Veldig kjekt å komma heim igjen når ein blir sett og høyrte frå fyrste stund, og at system og ting går på skinner når det er behov. Det er vertfall vår opplevelse som tilflyttarar.

### **Kva kan Luster bli betre på?**

Stort sett er me veldig fornøgd med Luster, men om me må trekke fram noko så håpar me at nye Gamlestova barnehage snart blir ein realitet. Svært synd at anbodsprossesen vart avslutta, sidan det er på høg tid denne barnehagen får seg nye funksjonelle lokale.

### **Fortel litt om dere sjølv:**

– Me er ein familie på fire som flytta frå Bergen i sommar og heim til Luster og Hafslø. Siri er frå Hafslø, og har starta i ny jobb som elkraft ingeniør hjå Statkraft. Svein Inge er i frå Indre Hafslø, og jobbar hjå Mesta som rekkverksmontør. Begge gutane våre Philip og Isak er født i Bergen og me er glad for at dei no er blitt Lustringar. På fritida likar me å vera med venner og familie, samt å holda oss i aktivitet både inne og ute. I Bergen sakna me å vera nært eit skianlegg som Sogn Skisenter så det er veldig kjekt at me no bur så nærme. Så me håpar på ein snørik vinter, med mykje fint ver.

### **Kvifor kom de til Luster?**

– Det har lege i korta lenge at me skulle ”heim igjen” sidan me begge er her i frå og no var tida inne. Eldste guten skal byrja i skulen neste år, og me fant ut at det var godt for både han og oss å komma heim eit år før skulestart.



## Nye lustringar:

# Gabriel

### Fortel litt om deg sjølv:

– Eg heiter Gabriel Skjulhaug Yttri, er 25 år og flytta til Luster i juni i år. 1. november byrja eg å jobbe som prosjektkoordinator hjå Fylkeskommunen på Infrastruktur og veg, og har kontor på Leikanger. Det er ikkje lenge sidan eg var student ved UiB og tok utdanning innan samanliknande politikk. Eg likar godt å drive med skyting og politikk, og vart valt som leiar i Leikanger skyttarlag tidlegare i år.

### Kvifor kom du til Luster?

– Eg kom til Luster i hovudsak for at kjærasten, Ingrid Haukadal bur her. Eg kjem frå Leikanger, så det er ikkje lange vegen, men det fall naturleg for meg å flytte hit når kjærasten hadde kjøpt hus her. Me er veldig glade i Sogn begge to og det var difor rett for å busetje seg her.

### Kva er det beste med å bu i Luster?

– Det beste med Luster er flott natur og hyggelege folk. Det er ein stor og variert kommune med mange fine stader å reise til. Me reiser nokre turar til sørsida av fjorden til foreldra til Ingrid, og der er det veldig flott. Det er vanskeleg å sjå føre seg flottare stadar å bu enn i Sogn.



### Kva kan Luster bli betre på?

– Det er mykje med Luster kommune som er veldig flott, men eg saknar kanskje ein kiosk eller liknande å reise på i helgane. Det hadde vore kjekt om det var litt liv i sentrum av Gaupne også på søndagane, og mykje ligg til rette for at dette kunne blitt veldig bra.

## Folketalsauke i Luster kommune

### 1. halvår 2022

SSB sine tal pr. 30.06.2022 syner folketalsauke i Luster kommune på 2 personar. Det vart fødde 25 born,	21 personar døydde, 73 personar flytte til Luster kommune og 75 personar flytte ut.
---	---

Folketal pr. 01/01-15 5.118

Folketal pr. 01/01-16 5.093

Folketal pr. 01/01-17 5.151

Folketal pr. 01/01-18 5.223

Folketal pr. 01/01-19 5.195

Folketal pr. 01/01-20 5.174

Folketal pr. 01/01-21 5.189

Folketal pr. 01/01-22 5.246



*Cathrine, Cecilie og Mia hadde førebudd ein presentasjon om seg sjølv.*

## Studentar på Veitastrond for fyrste gong på over 20 år

Sist gong Veitastrond skule hadde studentar var Richard elev. Han jobbar i dag på skulen, og er ein av lærarane som skal ta i mot dei danske lærarstudentane Cathrine, Cecilie og Mia. No er det sonen hans, Kasper, som er blant dei 15 elevane som er så heldig å få studentar.

Før Cathrine, Cecilie og Mia kom fekk Kasper og dei andre elevane spørsmål om kva dei tenkte om å ha danske studentar. Eit gjennomgåande svar var at det var litt skummelt. Då tenkte elevane spesielt på språk, at dei var redde for at dei ikkje skulle forstå kva som vart sagt og at det skulle vera vanskeleg å få hjelp i timane. Samstundes er det alltid litt

skummelt når ein skal bli kjende med nye menneske. Ein vis 3. klassing sa det så godt: “Eg trur dei òg tykkjer det er skummelt”. Fleire kunne seia seg samde i dette. “Det skal alltid vera ein lærar frå Veitastrond med oss”, kjem det frå eine 4. klassingen og det har han heilt rett i.

Læraren lurar så på om det ikkje blir noko kjekt å få studentar? Jodå, det var jo det. Studentar er ofte kreative og finn på artige ting for elevane. Det hadde vore moro om studentane kunne læra elevane nokon nye leikar og kanskje litt dansk. Elevane trudde òg at Cathrine, Cecilie og Mia kom til å vera greie, sjølv om dei var litt spente på korleis studentane kom til å oppføra seg.

Når Cathrine, Cecilie og Mia endeleg kom venta sjølv sagt dei same spørsmåla til dei. Før dei kom tenkte dei at dette kom til å bli ei spanande og annleis erfaring. Dei har ikkje

*Cathrine spelar med elevane.*





*Cecilie og Mia saman med elevane.*

elevane er. Allereie etter første dag byrja elevane å bli trygge på dei. Språket kan til tider vera ei utfordring, spesielt med dialekta, men dette løyser me alltid. Det er lettare å forstå når ein pratar saman to og to, enn i større grupper. Etter første dag tykkjer Cathrine, Cecilie og Mia det er litt vanskeleg å halde styr på korleis trinna blir delt opp. Av og til er 1. klasse åleine, av og til er 1.-2. klasse saman, medan andre gonger er det 1.-4. klasse. Det er forståeleg at dette kan vera vanskeleg å halde styr på i byrjinga, men dei var sikre på at dette kom til å gå seg til.

Likevel har dei mest positive ting å seie. Dei skrytte over kor hjelpsame alle var og kor godt dei hadde blitt tekne imot. Naturen og fasilitetane på bygget var imponerende. At ein så liten skule har eigen gymsal og bibliotek er ikkje dei van med. Etter første dag smiler Mia godt og seier: "Dette blir megaspennande!". Me på Veitastrond oppvekstsenter er einige!

vore van med fådelte skular, og lurte på korleis det kom til å bli, i forhold til store skular og klassar. Då tenkte dei spesielt på læringsutbytte og korleis det vart å byggja relasjonar. I Danmark har dei ofte hatt klassar med opp til 30 elevar, og då er det ikkje så enkelt å rekka innom kvar einskild elev. Studentane var òg spente på korleis det var med differensiering. På Veitastrond har 5., 6. og 7. klasse alltid timar saman, og korleis ein skal leggje

til rette for tilpassa opplæring for tre trinn på ein gong kan vera utfordrande i byrjinga. Å bruka naturen i undervisinga var òg noko dei trakk fram, sidan Veitastrond har uteskule éin dag i veka.

Og korleis det har gått når danske studentar møter norske elevar på ein fådelt skule lurar du kanskje på no. Svaret er strålende! Studentane er positivt overraska over kor opne, imøtekomande og lydhøyre

*Første uteskuledag for Cecilie og Mia.*





*På veg inn i eventyret, Luster sitt is- og snøland.*

## Luster Ungdomsskule: Jostedalsturen – ein «tverrfagleg tradisjon»

Sidan hausten 2006 har 8. klassingane på Luster ungdomsskule gått på Nigardsbreen. Dei fyrste åra samarbeidde me med Høgskulen, Den kulturelle skulesekken og me overnatta på Nigardsbreen Camping. Etter kvart har me funne ei form som passar både elevar og lærarar godt, og kvart år har Jostedal Skule, Bresenteret, Breførarane, Joker, og Samfunnsbygget (vaktmeister og barnehagepersonalet) teke godt i mot oss. Dette vil me gjerne takke for, det er ikkje sjølvsagt at ei heil bygd står

på for å ynskje oss velkomne, hjelper oss til rette med eit smil, og i tillegg tykkjer det er kjekt.

I år var ikkje noko unntak, me starta undervisninga i august med faga samfunnsfag, norsk og naturfag. Timane handla om alt frå Jostedalsrypa til korleis breen formar landskapet vårt. Innanfor dette emnet finn de fysisk aktivitet, geologi, naturvern, segner, dialekten, historie,

*«Litlerypa» flyt fint og roleg  
over Nigardsvatnet.*





*Me fekk isøks, stegjarn og instruksar, før me gjekk ned mot vatnet.*



*Sola braut gjennom og vermdde godt på breen.*

dyreliv, ja til og med ein skriveglad prest frå 1700-talet og Jostedal Sogelag. Elevane blir kjende med kultur og historie, dei får vere i det landskapet dei skal lære om og me håpar dei vil hugse det meste me underviser i.

Fyrste dagen reiste me direkte til Nigardsbreen, der blei me godt mottekne av Breførarane frå Nepal – ein blid og omsorgsfull gjeng. Me fekk isøks, stegjarn og instruksar, før me gjekk ned mot det makalaust, isgrøne vatnet og fekk sitje på med «Litlerypa» medan sola skein frå ein utrygg hausthimmel. Vandringa oppover på dei blankskurte svaberga enda ved brekanten, der blei me delte i lag og fekk tau rundt magen. Nokre elevar gruar seg kvart einaste år, men som regel blir alle med, og nista smakte fortrefteleg i bre-isen.

På Samfunnsbygget venta grillmaten, badebassenget,

frileik og film på elevane. Lærarane greidde å true dei inni soveposane og nedpå gymsalgolvet i 11-tida, det er ikkje alltid like lett å komme til ro, men moro er det visst alltid. Dagen etter hadde me felles frukost, nistesmørjing og rydding før bussen køyrde fram til Bresenteret. Der blei det undervist både inne, mellom dei flotte utstillingane, og ute i naturen. Regnar det, får me vere inne i pausen, på den måten blir ikkje «kakeskjevene» våre blaute. I år hadde me flaks med veret, både fyrste og andre dagen.

Det faglege er sjølvsagt svært viktig på turen, men det sosiale er minst like viktig. Luster Ungdomsskule tek i mot elevar frå fem skular, desse blir til to klassar. Grunnlaget for god læring er; gode klassemiljø, og skulen må legge til rette for at elevane skal bli godt kjende

med kvarandre. Det er ikkje fleire elevar på trinnet enn at me prøver å lage eit godt miljø av heile kullet, uavhengig om dei går i 8A eller 8B. Denne turen fell fint inn i eit av hovudemna me jobbar mykje med på skulen; «Livsmeistring». Det å kunne oppføre seg, vere greie mot kvarandre og kunne fungere saman er viktig lærdom. Det å bli betre kjende, lære å stole på kvarandre, og å meistre noko så spanande som å vandre på breen, er blitt ein av dei mange små byggesteinane som skal til for å ha det godt i lag i skuletida.

Luster ungdomsskule vil med dette takke alle gode hjelparar framme i Jostedalen, de tek vel i mot oss – kvart einaste år. Det er slikt me treng i skulen; like gode hjelparar som Askeladden hadde.



*Moro med boblefotball!*

## Aktivitetsdag med Premier League for Lustraskulen

Tysdag 6. september er truleg ein skuledag som vil sitja godt i minnet for elevane på 5.–10.

trinn. Avery Dennison NTP i samarbeid med Oppvekst arrangerte då aktivitetsdag for

Lustraskulen, og hovudgjesten på stadion i Gaupne var sjølvaste Premier League-troféet.

*Stolte fotballspelarar med gjevt trofé.  
Lag: Gaupne skule 5. trinn.*



*Luster ungdomsskule stilte med stor heilagjeng til fotballturneringa og eige banner.*





Det var fotballturnering for klassane, alle elevane fekk velja trykk til eiga t-skjorte frå Avery Dennison NTP, det var boblefootball og velsmakande skulelunsj i form av grilling frå Spar. Andre lokale aktørar som deltok var Sogndal Fotball med Tore-André og Håvard Flo i tillegg til representantar frå både Hafslø IL, Bjørn IL og Studentsprettan i Sogndal. Ingrid Mork Nygård og Thomas Haugen holdt styr på oppvarminga for dei nærare fire hundre elevane med felleisleik, bøy og tøy.

Høgdepunktet for dei aller fleste elevane var nok høvet til å ta ein sjølvie saman med Premier League-troféet, ein draum for fotball-fans over heile verda. Dette var andre gongen troféet var i Noreg. Bakgrunnen var vitjinga var at NTP har inngått ny trykkavtale med Premier League.

*Lang kø for å få trykka spesialdesigna T-skjorter med eigenvalde logoar.*



*6. klasse ved Hafslø barne- og ungdomsskule har storkosa seg med LEGO-bygging i skuletida.*

## First Lego League 2022

Under overskrifta #SUPERPOWER har det blitt jobba med spanande oppdrag innanfor temaet energi. I 8 veker, frå 17. september, jobba over 700 lag frå Noreg og Sverige med innovasjon, forskning, teknologi, design og programmering, før det heile endar opp med ei turnering 12. november der me skal feire alt me har opplevd og oppnådd! Fleire av skulane i Luster er med denne gongen og gleder seg stort til finalen på ViteMeir.

Det har vore ein ny og spanande måte å jobbe på. Elevane har bygd LEGO og løyst oppdrag ved hjelp av programmering.

*9. klasse ved Hafslø barne- og ungdomsskule godt i gang med å gjere klart konkurransebordet med LEGO og programmert robot.*

Ein LEGO-robot skal utføre eit visst tal oppdrag på eit konkurransebord og laga skal samle poeng. I tillegg har klassane definert eit problem innanfor årets tema, energi, som dei skal finne ei innovativ løysing på. Kanskje har nettopp desse elevane nokre løysingar på energikrisa?





## Full fart med for Lustraskulen

*Kulturell utflukt til gresk-ortodoks kloster. Brorparten av lustragjengen saman med Liv Oddrun Voll frå Naturfagsenteret/Universitetet i Oslo. Høge fjell med elv i midten. «It looks like Luster», ropte ein av dei utanlandske lærarane då bussen køyrde ned til klosteret.*

**Dei siste tre åra har Luster kommune delteke i eit Erasmus+-prosjekt med hovudvekt på realfag og teknologi. I september var 13 lærarar og skuleleiarar frå Luster på STEAM-konferanse i Thessaloniki, Hellas, både for å delta med innlegg og for å få vidare inspirasjon til fagsatsinga i kommunen.**

Luster kommune har delteke i dette europeiske prosjektet sidan 2019 med Gaupne skule, Hafslo barne- og ungdomsskule og Luster ungdomsskule. Dei andre prosjektpartnerane er skular i Portugal, Irland, Kroatia og Hellas. Frå Irland deltek

også ein høgskule som tilbyr masterutdanning innan STEAM. Prosjektet er finansiert gjennom Erasmus+, EU sitt program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett. I juni 2022 var Luster vertskap for samling og lærarkurs for dei fem andre partnarane i prosjektet.

STEAM står for Science, Technology, Engineering, Art og Mathematics. Det er gjerne tverrfaglege, utforskande opplegg med vekt på realfag, teknologi og kreativitet der elevane skapar produkt for å løysa bestemte utfordringar. Norill Terese Norheim, lærar ved Hafslo barne- og ungdomsskule har gjennomført fleire STEAM-opplegg og seier

det er ein metode som engasjerer elevane: «Undervisningsopplegg med STEAM skal gje elevar moglegheita til å samhandle, vere nysgjerrige, tenkje kritisk og prøve å løyse ulike problem der fleire eller alle av desse emna er involvert, og læraren skal vere tilbakehalden og la elevane tenkje og jobbe sjølv. Eg har alltid likt å bruke problemløysing i undervisning, og når eg vart introdusert for STEAM som arbeidsmetode, såg eg ei tilnærming som kunne involvere alle elevar, uansett ferdigheiter inn oppgåvene. Arbeidsmetoden bygger på ulike styrker og at alle har noko å bidra med, uansett. Det vanskelegaste er å vere

tilbakehalden som lærar og la elevane streve og fundere seg fram til løysingane sjølv.»

Denne gongen var det Direktoratet for grunnopplæringa i Vestre Tessaloniki som var vertar både for lærarkurs og for ein internasjonal konferanse der også lokale greske lærarar var inviterte. Til saman deltok over 120 lærarar og skuleleiarar frå fem ulike land.

### Inspirasjon og erfaringsutveksling

Konferansen i Thessaloniki hadde ei blanding av foredrag, work shops, erfaringsutveksling og kulturelle innslag. Mellom anna fortalde greske tenåringar om korleis dei arbeidde med programmering (robotics) gjennom First Lego League, irske lærarar fortalde om STEAM som metode og Liv Oddrun Voll frå Naturfagsenteret i Noreg hadde foredrag om korleis bruka skaparverkstadar for å undervisa i dei såkalla 21st century skills. Kommunalsjef Knut Åge Teigen og lærar Kristine Lyngset Sviggum fortalde om STEAM-arbeidet i Luster og viste filmen som er laga frå lustraskulen om dette prosjektet.

Forutan deltakarar frå partnerskulane i Gaupne og Hafslo deltok fem lærarar og rektorar frå oppvekstsentra på den opne STEAM-konferansen.

Frå Skjolden oppvekstsenter deltok Wenche Weka som tykte at det var inspirerende å få vera med på ein slik konferanse: «For meg betyr det at eg får mykje inspirasjon og erfaringsutveksling både frå inn- og utland. Eg får sjå korleis andre jobbar med dei same prosjekta som me gjer, og får innsyn og tips om korleis eg skal starte - og jobbe - i ulike fag med vekt på STEAM-tanken. Det som sit best att er kor viktig det er med samarbeid og at alle elevar får kjenne på at dei er viktige brikker i heilskapen, at alle betyr noko!»

Rektor ved Solvorn oppvekstsenter, Grete Marie

Skårhaug Solvi, var også nøgd og legg vekt på at det å reisa saman med lærarar frå andre lustraskular også er verdifullt: «Dette var ein konferanse der me fekk endå betre kjennskap til STEAM-arbeidet utifrå ulike tips og undervisningsopplegg frå ulike europeiske land. Interessant å oppleva at me jobbar med same elevane og utfordringane i europeisk skule. Kjekt å bli endå betre kjende med kollegaer i Lustraskulen, som gjer at ein lettare tek kontakt med kvarandre og kan samarbeida.»



*Kristine Lyngset Sviggum heldt innlegg om sine erfaringar med STEAM-metodikken som del av presentasjonen frå Luster.*



*I samband med prosjektet har skulane laga film som dokumenterer STEAM-arbeidet i Lustraskulen. Sjå filmen på <https://vimeo.com/721429238>*

### Avslutning i Kroatia

Ein grunnidè i dette prosjektet har vore at det skulle gjennomførast eit lærarkurs hjå kvar partner. Irland hadde oppstartkurset hausten 2019. Så kom pandemien, og det vart digitale møte og samlingar ut 2021. No i 2022 er det avvikla lærarkurs i Portugal, Luster og Hellas. Som avslutning vert det halde eit lærarkurs i november i Kroatia.

Poster for konferansen i Thessaloniki.



Underveis i prosjektet har Lustraskulane også fått fagleg oppfølging av Naturfagsenteret og ressurspersonar for prosjektet [Skaperskolen.no](http://Skaperskolen.no)

Lærer Kristine Lyngset Sviggum frå Hafslo barne- og ungdomsskule oppsummerer prosjektet slik:

«For meg som lærar har det vore ei interessant og berikande oppleving å vere del av STEAM-prosjektet. Tidspunktet for prosjektet har passa veldig godt saman med innføring av ny læreplan. Innføring av LK20 forutset eit læringsmiljø i skulen der elevane skal få oppleve skaparglede samt trong til å utforske verda rundt seg. Skulen skal også ha eit større fokus på mellom anna tverrfaglegheit, samarbeid, kreativitet og innovasjon. Dette krev ei endring i lærarrolla, noko eg opplever eg har fått god trening i og støtte til gjennom STEAM-prosjektet.

Som del av den kommunale STEAM-gruppa har me fått høve til å bli kjend med lærarar frå ulike land som jobbar med same prosjekt og fått delta på samlingar og skulebesøk saman med dei. For min del har det vore både givande og lærerikt, og eg meiner det har bidrege til å utfordre meg og utvikle meg som lærar.

Samarbeidet med Skaperskolen-prosjektet opplever eg som særleg nyttig for skulen vår sin del. Dei har bidrege til utviklinga vår gjennom kursing, diskusjonar og gode undervisningsressursar som er til god hjelp og støtte for alle lærarar som ynskjer å jobbe meir med STEAM og anna tverrfagleg undervisning.»

Alle kursdeltakarane fekk praktisk øving i robotbygging med Lego.



# Nye fagarbeidarar

Luster kommune har lærlingar i barne og ungdomsarbeidarfaget, helsearbeidarfaget, dataelektronikkfaget og kontor og administrasjonsfaget.

Når lærlingane har fullført læretida og klart fagprøven er dei klare som fagarbeidarar. Inntak og oppfølging av lærlingar er ein del av rekrutteringsarbeidet til kommunen. Mange av dei som har vore lærlingar i Luster kommune søker etter fagprøven på ledige stillingar og får arbeid i kommunen etter læretida.

Fleire jobbar som tilkallingsvikarar hjå oss medan dei tek vidareutdanning.

**Venessa Hammernes Joranger** tok fagbrev som barne og ungdomsfagarbeidar våren 2022.

**Ida Espe Vikheim** tok fagbrev som helsefagarbeidar sommaren 2022.

I tillegg til ungdommar som startar læretida si etter vidaregåande skule, har Luster kommune jamleg tilsette som tek fagbrev gjennom særskilde ordningar:

**Meseret Yhdego Woldemariam** tok i sommar fagprøven i helsearbeidarfaget gjennom ei slik ordning.



*Venessa Hammernes Joranger.*



*Ida Espe Vikheim.*

## Ny helsefagarbeidar – Meseret Woldemariam

Meseret kom til Norge frå Eritrea i 2011. Ho budde i Sogndal fram til 2015, då ho fekk fast opphald i Norge.

Ho flytta til Luster, og starta med norskopplæring.

Ho har jobba på forskjellige plassar, blant anna Bestebakken og NTP.

I 2018 byrja ho på Sogndal vidaregåande helse- og sosialfag. Dette var eit nytt tiltak som skulen sette i gang for framandspråklege i samarbeid med kommunane i Indre Sogn. Ein fekk eit opplegg med 3 dagar teori på skulen og 2 dagar praksis. Dette gjekk over 3 år. Deretter 1 år som lærling.

Meseret har heile tida vore på Luster omsorgssenter, men har hatt praksis på kortidsavdelinga i Gaupne og heimetenesta.

Ho tok fagbrev i helsefagarbeid september 2022.

Meseret seier Luster omsorgssenter har vore ein fin praksisplass. Dei tilsette har alle vore kjekke og motivert ho til å bli helsefagarbeidar. Ho har lært mykje av arbeidskollegane, og rosar kontakten sin gjennom heile perioden, Laila Bruhaug.

No har Meseret fått fast stilling i Luster kommune, og me veit ho vil gjera ein god jobb i omsorgstenesta.



*Meseret Yhdego Woldemariam.*



*Deltakarane på første samling for nyutdanna lærarar, frå venstre: Eirinn Teigen Kvåle (Indre Hafslo), Eilin Skorpen og Sanne Krogh Furuset (Gaupne), Sondre Øvrebust Høiset (Hafslo), Oda Bjelde (Solvorn), Dagfinn Hovland (kommunal ressurslærar).*

## Stas med samling for nyutdanna lærarar

**Kvart år får nyutdanna/nytilsette lærarar i Luster tilbod om å delta på ei skreddarsydd kursrekke med sentrale tema for ferske lærarar. Nytt av året er at det også er oppretta liknande samlingar også for nyutdanna barnehagelærarar.**

Etter planen skal det gjennomførast fire samlingar både for dei nyutdanna lærarane og for dei nyutdanna barnehagelærarane. Lærarsamlingane er det Dagfinn Hovland, kommunal ressurslærar, som har ansvar for medan Oddbjørg Ese, rådgjevar oppvekst, er arrangør av barnehagelærarsamlingane. Luster kommune samarbeider også med Høgskulen på Vestlandet (HVL) om desse samlingane gjennom programmet «Ny som lærar på Vestlandet».

Dorthea Sekkingstad, HVL, har bidrege på samlingane for

nyutdanna lærarar fleire gonger før og framhevar kor avgjerande det er at dei nyutdanna vert møtt og følgt godt opp i byrjinga av lærarkarriera. Gjennom rettleiing og oppfølging av dei nyutdanna kan kommunen som skuleeigar og arbeidsgjevar hjelpe dei nyutdanna til å lukkast og trivast i eit krevjande, mangfaldig og spennande yrke. I tillegg til dei fire samlingane får dei nyutdanna også rettleiing på eigen arbeidsplass og redusert undervisning med 6% i samsvar med nasjonalt avtaleverk.

**Historisk første samling for nyutdanna barnehagelærarar**  
Som nyutdanna lærar i

barnehage eller skule er det mykje å setja seg inn i. Rettleiing til nyutdanna skal bidra til samanheng mellom utdanning og yrke og vera til støtte for den einkilde i oppstarten av ny jobb. Denne hausten er det tilsett så mange nyutdanna barnehagelærarar at Oppvekst har organisert eit felles tilbod om rettleiing for nyutdanna gjennom fire fagsamlingar fordelt på haust- og vårsemesteret.

På første samling møtte seks nyutdanna barnehagelærarar for erfaringsutveksling og refleksjonar om ulike relevante tema. Høgskulen på Vestlandet ved Astrid B. Bakken og Marit Uglum bidrog på samlinga med faglege innspel og presentasjon av det statleg finansierte programmet «Ny som lærar på Vestlandet». Koordinator for samlingane er Oddbjørg Ese, rådgjevar Oppvekst.

Attendemeldingane frå samlinga var at det var flott å ha ein stad å lufta tankar og reflektera saman, fint å kunne ta opp reelle problemstillingar og få god informasjon. Astrid Bakken, HVL, sa etter den første barnehagesamlinga at «Det å møte dykkar nyutdanna gav

” *Det å arrangera slike samlingar er rett og slett ei glede og noko me ønskjer å prioritera. Å ta vare på dei nyutdanna er ei viktig oppgåve for oss som arbeidsgjevar, seier kommunalsjef oppvekst Knut Åge Teigen*

oss inspirasjon og motivasjon for vidare arbeid med dette viktige oppdraget i å ivareta dei nyutdanna. Dette vil bli viktigare no enn nokon gong med tanka på å rekruttera og behalde dyktige lærarar i barnehage og skule.»

#### **Viktig oppgåve å ta vare på dei nyutdanna**

«Det å arrangera slike samlingar er rett og slett ei glede og noko me ønskjer å prioritera. Å ta vare på dei nyutdanna er ei viktig oppgåve for oss som arbeidsgjevar», seier kommunalsjef oppvekst, Knut Åge Teigen, og avsluttar med «at Høgskulen også er med på laget om å støtta dei nyutdanna er ei styrke og me er takksame for at dei bidreg i denne samanhengen.»

*Guro Gauteplass Lie, Anja Hagen Orrestad, Silje Mikkelsen, Yvonne Gilje, Kristian Tuften, Emma Eikanger Agdal, Marit Uglum (HVL), Astrid Berglid Bakken (HVL), Oddbjørg Ese (rådgjevar Oppvekst).*



# Bli med på ungdommen si kulturutveksling

Ei sak som ungdommen sitt kommunestyre (UK) i Luster har lyst å få løfta fram er sjansen ungdom i Luster i alderen 14-17 år har til å delta i kulturutveksling med ungdom i USA, frå venskapskommunen Vernon Co., WI. . Dette området i USA er kjent for å ha mange norsk-amerikanarar med røter frå Sogn. Byen Viroqua med ca. 4 500 innbyggjarar er senteret i Vernon Co. og næraste større by er La Crosse som ligg ca. 40 min. lenger vest ved elva Mississippi i staten Wisconsin. Utvekslinga skjer ved at ungdom frå Luster reiser til USA annakvart år. De søker innan 15. januar 2023. Sommaren 2023 tek de og familien dykkar imot ein amerikansk ungdom. I 2024 får de reise til den amerikanske ungdommen og vere ein del av den familien.

## Vil du reise til USA i 2024?

Då startar du og familien din med å ta imot ein ungdom frå USA i om lag 2 veker sommaren 2023.

Du søker om kulturutveksling innan 15. januar 2023.

Søknadsskjema finn du på heimesida til Luster kommune under Kultur og Fritid. Det må vere minst 2 ungdomar/familiar som søker for å få gjennomført utvekslinga.

Den norske familien tek vare på den amerikanske ungdommen som «ein av alle i familien». Den amerikanske ungdommen skal få oppleve korleis det er å vere ungdom i Noreg og Luster. UK stiller gjerne opp for å snakke om og syne korleis ungdom i Luster får bidra i saker som gjeld ungdom i kommunen.

Tilsvarende blir ungdomane frå Luster teken imot i USA neste sommar. Ungdomen gjennomfører eit prosjektarbeid, som det er ynskjeleg blir vist fram her i Luster når du er tilbake.

Kostnadene med kulturutvekslinga (reisekostnader) vert delvis dekkja gjennom eit tilskot/stipend frå UK, mest truleg ein prosentsats av kva reisa kostar. Dette vil vere meir avklart kring søknadsfristen 15. januar 2023.

Du finn meir informasjon om Kulturutveksling på heimesida til kommunen under fana Kultur og Fritid. Om de ynskjer meir informasjon om ordninga, og erfaringar frå tidlegare kulturutvekslingar, ta kontakt med Erling Bjørnetun på rådhuset.



Ungdomen sitt kommunestyre i Luster søker minst 2 ungdomar som vil delta i kulturutveksling med amerikansk ungdom på same alder.

Framme frå v: Tiril Bolstad, leiar Oda Bertine Bondevik Lie, Sølve Skjerven Oksnes, Ida Stai Bolstad, Vegard Tandle Kroken, Silje Holen, Martha Boksaþ Lerum. Bak frå v: Joakim Tenold Ølnes, Eirill Skjerdal, John-Arve Karlsen Holene, Hans Fredrik Moe, Ingar Kvam, Per Gunnar Moe, nestleiar Aleksander Heltne.

Ikkje til stades: Jone Hovland Vigdal, Adelheid Weka.



# Amerikabesøk

I åra 1886 og 1887 drog to brør, Jakob og Lars frå Tadla-garden i Luster til Amerika. Dei reiste ikkje åleine. Fleire hundre tusen nordmenn drog over Atlanteren for å skaffa seg eit nytt og betre liv «over there». På Tadla var dei 10 sysken, og garden kunne ikkje livnæra alle, difor måtte dei ut i verda. Me veit at begge brørne kom seg vel opp, og begge gifta dei seg med kvinner av norsk slekt. Sidan har dei to Talle-familiane i Amerika vokse, og no er me inne i fjerde og femte generasjon etter desse to brørne.

Me veit at dei var i Noreg att i 1906, i bryllaupet til yngstebroren Otto. Det var og brevkontakt med familiane på begge sider av havet. Men så kom to verdskrigar, og etter kvart stoppa kontakten opp.

Men – i 1955 sende Magda Talle – dotter av Jakob – eit brev til soknepresten i Luster og spurde om nokon av hennar slektningar var i live, og fekk svar at det var mange slektningar, både i Luster og elles i landet. Magda tok turen til Luster, og budde hjå sin onkel Otto Talle i Uri. Ho fekk helsa på mange i slekta si, og reiste heim att med mange namn i adresseboka.

Dette førte til ny kontakt mellom den norske og den amerikanske Talle-familien. Nesten kvart år i det siste har det vore «Amerikavitjing», og fleire frå den norske familien har vore i Amerika for å vitja slektningane sine. Dei vart godt tekne imot der, og det gjekk mange brev og seinare e-postar over Atlanteren. Talle-familien der borte har vokse. Dei fleste bur i Minnesota, men Talle-folk finst og i New York, Chicago, Florida, Alaska og California.

Denne gongen fekk me vitjing av Kenneth Talle. Kenneth er

3. generasjon, og har såleis mange tremenningar i Noreg. Han driv eit eigedomsfirma i Minneapolis, er no 78 år gamal, men er «still going strong» - framleis i fullt arbeid. Han har vore i Noreg mange gonger, fyrste gongen i 1962. Denne gongen tok han med seg heile familien, heile 18 personar med stort og smått. Programmet var heller hektisk, med rundtur i Bergen, så med bilar til Sogn. Dei vitja Fjærland, Flåm og Gudvangen, før dei kom til Luster.



Her var det fullt program. Bestefar Jakob Talle hadde med seg eit målarstykke som var utsikten frå Tadla, utover fjorden, mot Molden. Dermed vart det Moldentur, med unntak av dei minste ungane. Dagen etter var det fyrst omvising i Dale-kyrkja. Bjørg Hovland viste oss rundt. Stor interesse blant amerikanarane. Så framførte Tøge Talle Draumkvedet – på sognamål. Deretter var gjengen invitert på kaffi og kaker i kulturstova i Prestegarden. Dei norske Talle-medlemmene hadde laga ein trio som song og spelte. Det var og eit lite føredrag om norsk historie,

og om korleis Noreg er i dag; frå vikingtid til oljealder. Kenneth takka for invitasjonen, og fortalde om slekta i Amerika.


På ettermiddagen var me inviterte til Tadla. Mona og Ingvald Høyheim driv no garden og viste oss rundt. Ungane fekk leika med geitekillingar og kaniner, medan dei vaksne fekk sjå hustuftene der oldeforeldra budde for over 100 år sidan. Vertskapet varta opp med heimepressa eplemost.

Om kvelden var alle i den norske Talle-familien inviterte til middag på Gaupnetunet. Praten gjekk laust, og banda mellom norsk og amerikansk Talle-familie var knytt sterkare enn før.

Den tredje dagen var utan fast program. Nokre av familien tok turen til lensmannsgarden Uri, og fekk sjå husa, mellom anna hovudhuset, fjøsen som er over 200 år gamal, og arresten, som no er feriebusstad.

Dermed var det tilbake til Bergen, og vidare med fly. Heldigvis før streiken i SAS.

*Odd Winge*



# Oversikt over transporttilbud i kommunen

## Serviceskyssen:

Serviceskyssen er eit tilbod til alle som bur i Luster kommune, det er inga form for godkjenning for å nytte seg av dette tilbodet. På faste dagar til fastsett tid vert det sett opp drosje i rute i ulike delar av kommunen. Rutene går sjølvsagt i retur seinare på dagen. Alle passasjerar som ønskjer å nytta Serviceskyssen må bestilla hjå **Luster Taxi (tlf: 57 68 16 20)** innan kl. 18 dagen før turen. Då avtalar ein tidspunkt for henting.

**Eigenbetaling kr 30 kvar veg.**

Oversikt over rutene: [https://www.skyss.no/reise/rutetider/rutetabellar-buss/serviceskyss-i-sogn-og-fjordane/#luster\\_kommune](https://www.skyss.no/reise/rutetider/rutetabellar-buss/serviceskyss-i-sogn-og-fjordane/#luster_kommune)

## Buss:

I Luster kommune har me bussruter som går til dei ulike bygdene til ulike tider. Du kan søke på [www.skyss.no](http://www.skyss.no) for å søke opp di rute og finne tidspunkt bussen går.

## TT-ordninga:

TT transport er eit tilbod som skal bidra til at personar med ei funksjonsnedsetting som bur i Luster kommune, skal ha eit alternativt transporttilbod. Transporten går føre seg med drosje. Meir info på <https://www.vestlandfylke.no/Kollektivogtransport/tt-kort/>

## Luster ungdomstaxi – LUT:

Er eit tilbod til ungdom busette i Luster mellom 13- 19 år. Dette er eit tilbod som gjeld frå alle opne arrangement i Luster kommune og i kulturhuset i Sogndal, også trening/øving, møte, kurs, teater og kino.

**Må vera minst to passasjerar.**

**Eigenbetaling er 50,- kr pr gang pr person kvar veg.**

Du bestiller tilbodet hjå **Luster Taxi, tlf 57 68 16 20**, sei ifrå om at du skal nytte denne ordninga.

## Trygt heim Sogndal:

Trygt heim er eit nattbusstilbod frå seks stader i Sogn og Fjordane for deg mellom 16 og 24 år. Andre reisande kan nytte tilbodet dersom det er ledig plass. Trygt heim-rutene går kvar natt til søndag heile året. I tillegg går rutene natt til 1. mai, natt til 17. mai og natt til 3. juledag. Rutene er lagt opp til å vere både faste ruter og bestillingsruter. For at bestillingsrutene skal gå, må det vere minst tre reisande.

**Prisen for alle er 40 kroner.**

Dersom du har Skyss ungdomsbillett, gjeld denne som billett på Trygt heim-rutene. Hugs at du likevel må bestille dersom ruta er ei bestillingsrute.

Oversikt over ruter: [https://www.skyss.no/reise/rutetider/rutetabellar-buss/trygt-heim-i-sogn-og-fjordane/#trygt\\_heim\\_sogndal](https://www.skyss.no/reise/rutetider/rutetabellar-buss/trygt-heim-i-sogn-og-fjordane/#trygt_heim_sogndal)

## Skyss til balansetrening:

Luster kommune tilbyr skyss til «Betre balanse» gruppene på omsorgssentra.

Du kan bestille ved å ringe Servicetorget på Rådhuset, tlf 57 68 55 00 (opningstid 9-15).

Siste frist er kl 15 dagen før.

## Facebookgrupper for samkøyring:

I Luster har me ulike grupper på facebook som har som mål å bidra til meir samkøyring.

Jostedal – saker,ting og skyss:

<https://www.facebook.com/groups/454265267948483>

Samkøyring i Luster:

<https://www.facebook.com/groups/291633888537817>

Her kan du legge inn spørsmål om turar eller legge inn at du tilbyr skyss. Dette er både sosialt, du kan hjelpe andre og det er miljøvennleg!



## Skyss til Senioretreff:

Det blir organisert transport til Senioretreff for dei som har behov.

Påmelding pr. tlf. 57 68 55 00 innan onsdagen før kl. 13.00.

## Stolpejakt i Luster

Stolpejakta i Luster har i 2022 vore arrangert for fyste gong. Idrettsrådet i samarbeid med IL Bjørn, IL Fanaråk, Luster IL og Hafslø IL har stått i bresjen for stolpejakta. Det har vore over 1600 stolpejagarar i kommunen og over 30 000 stolpebesøk. Dette kan me sei har vore

ein stor suksess! Takk til alle samarbeidspartar som har vore med å støtte stolpejakta; Avery Dennison NTP, Luster Sparebank, Walaker Hotell, Fjordglas, Rørleggjarservice, Øvrebø Fargehandel, Spar Hafslø og Kvam Guiding.



## Førebygging av radikaliserings og ekstremisme — FlexID og mentorutdanning

Denne hausten har ungdomslos, Armando Navarro, og prosjektleiar, Ingrid Mork Nygård, teke to kurs som skal gjere dei meir rusta til å jobbe med førebygging og vere tryggare i møte med ungdom. Det eine kurset, FlexID, er ei sertifisering. Denne sertifiseringa gjer at dei kan halde kurs for ungdom som har krysskulturell bakgrunn.

Krysskulturell bakgrunn vil sei å vere påverka av to eller fleire kulturar – ein kan for eksempel ha budd eit par år i utlandet, ha ein eller begge foreldre frå utlandet, fødd i utlandet med norske foreldre osv.

**Om dette er eit kurs du ønskjer å ta – ta kontakt med Ingrid og Armando.**

Mentorutdanninga handlar om førebygging av radikaliserings og ekstremisme. Det er fokus på inkludering, samt førebygging av utanforskap. Kunnskap om radikaliseringsprosessar, korleis rekruttering skjer og kven som er i fare for å hamne i ein slik prosess er vesentlege tema. Om du er bekymra for noko kring dette tema – ta kontakt med Ingrid eller Armando.



**Ingrid Mork Nygård** tlf 94156230 eller e-post: [Ingrid.mork.nygard@luster.kommune.no](mailto:Ingrid.mork.nygard@luster.kommune.no)



**Armando Navarro** tlf. 45979559 eller på e-post: [Armando.navarro@luster.kommune.no](mailto:Armando.navarro@luster.kommune.no)

# Kjenner du deg trygg heime?

## Treng du nokon å snakke med?

Luster legekontor:	57 68 56 00
Luster helsestasjon:	57 68 56 05
Psykisk helseteam:	57 68 56 34
Familievernkontoret:	46 61 92 80
Sogn barnevern (dagtid):	97 50 60 95
Barnevernvakta (kveld/natt/helg):	40 02 29 88
Krisesenteret i Florø:	57 74 36 00
Overgrepsmottaket (Førde):	57 72 37 48
Politi:	112
Legevakt:	116 117

## Nasjonale hjelpetelefonar

Mental Helses hjelpetelefon:	116 123
Alarmtelefon for barn og unge:	116 111
Kors på halsen (for barn og unge):	800 333 21
Vold- og overgrepslinjen (VO):	116 006
Røde Kors-telefonen om tvangsekteskap:	815 55 201
Hjelpetelefon for seksuelt misbrukte:	800 57 000
Alternativ til vold (ATV):	55 60 31 99
Vern for eldre:	800 30 196

## Ved akutt fare, ring politiet 112.

Politiet kan påleggje overgripbar besøksforbod og kan hjelpe deg å kome til krisesenteret. Du kan melde valden.

På Krisesenteret i Florø kan du kome både dag og natt for å bu trygt. Du treng ikkje å ha synleg skade for å søkje hjelp – trugslar og psykisk vald er like alvorleg.

Er du blitt seksuelt misbrukt eller voldtatt? Ring overgrepsmottaket i Førde: **57 72 37 48**. Dei tek vare på deg, undersøker deg og hjelper deg å dokumentere overgrepet.

Er du vitne til vald; som nabo, ven eller kollega? Er du uroleg for at ting ikkje er som det burde vere hjå nokon du kjenner? Ikkje ver redd for å seie ifrå, du kan gjere ein skilnad.

For meir informasjon om kven du kan snakke med, scann QR-koden:



Meir informasjon finn du på: <https://DinUtvei.no>



## SJEKKLISTE:

- Er du usikker på om det du opplever heime er bra for deg?
- Er du redd for kva som kan kome til å skje med deg?
- Er barnet ditt trygt?
- Får du høyre at du ikkje er verdt noko?
- Vert du tvinga til seksuelle handlingar?
- Vert ting du er glad i øydelagt?
- Ynskjer de hjelp til å løyse konflikhtar?
- Disponerer du eigne pengar?

**Det er aldri din feil! Det er aldri for seint! Det er alltid hjelp å få!**



## LAN

Torsdag 13. oktober var det LAN/Gamenight på Luster ungdomsskule. Kl. 17.00 starta det med rigging, og folk kom for å sette opp utstyret sitt. Kl. 18.00 starta spelingen. Kommunen stilte opp med VR-briller, PlayStation 4 (PS4), Nintendo Switch og PC. Det var også moglegheit for å spele brettspel. Det var 26 som kom og det var god stemning med speling heile kvelden. Kl. 19.30 var det pizza frå Lustrabui og alle samla seg i aulaen for å ete. Etter mat var det Mario kart og Fortnite turnering for dei som ville delta, der premien var powerbank frå Luster Sparebank. Dette vart eit kjekt arrangement.



# Politisk frivillighetserklæring

– samarbeid mellom frivillige lag og organisasjonar og kommunen

Å etablere eit forutsigbart og konstruktivt samarbeid mellom kommune og lag-/organisasjonar er viktig for samfunnsutviklinga i kommunen og for å oppretthalde «levande» bygder.

For å etablere ein politisk frivillighetserklæring inviterte kommunen alle lag og organisasjonar til kveldskonferanse / innspelskonferanse 4. oktober.

Det var svært godt oppmøte og kommunen fekk inn mange innspel.

Kommunen har avtale med Frivillighet Norge som vil utarbeide ein rapport til kommunen med tilrådingar.

I det vidare arbeidet er 8 personar i ei referansegruppe frå ulike lag- organisasjonar med i det vidare arbeidet heilt til politisk behandling.

Takk til alle som møtte på kveldskonferansen!




## COS-P (Circle Of Security-Parenting): Foreldrekurs

Det vil bli tilbud om foreldrekurs med oppstart januar/februar 2023.

Tidspunkt og kursstad er ikkje stadfesta endå, men om ein allereie no føler for å melde seg på eit kommande kurs så ta kontakt med leiande helsesjukepleiar Berit Skjerdal, e-post: [berit.skjerdal@luster.kommune.no](mailto:berit.skjerdal@luster.kommune.no) eller rådgjevar oppvekst Oddbjørg Ese, e-post: [oddbjorg.ese@luster.kommune.no](mailto:oddbjorg.ese@luster.kommune.no)

# Juleglede 2022



Me er ei tverrfagleg samarbeidsgruppe i Luster Kommune som jobbar med «juleglede». Denne gruppa er samansett av representantar frå frivillige lag og organisasjonar, samt ein prosjektleiar frå Luster kommune som koordinerer arbeidet.

Me samarbeider om å gje familiar med økonomiske utfordringar moglegheita til å ta imot ei juleglede.

Det kan vere mange ulike grunnar til at menneske får økonomiske utfordringar. Livet gjev oss ingen garantiar og det kan skje noko som fører til at økonomien blir sett på prøve. Om ein har forsørgjaransvar vert dette sjølvsagt ekstra vanskeleg.

Å ha dårleg økonomi er ofte forbunde med skam, og det kan vere vanskeleg å snakke om. Skilnadane mellom dei som har mykje og dei som har lite er

store, og det kan vere vanskeleg å be om hjelp dersom ein ikkje får midlane til å strekke til.

«Juleglede» skal bidra til at familiar som har behov for det skal kunne få ei opplevingspakke for heile familien eller ei personleg julegåve til barna i alderen 0-18 år.

Det er moglegheit å fylle ut eit enkelt skjema der ein er heilt anonym. Meir informasjon om korleis du skal gå fram dersom du ynskjer å sende inn skjema, finn du på Luster kommune sine heimesider.

Kvart år arrangerer me også eit gratis arrangement for alle barn, unge og vaksne i Luster, dette er for å bidra til at alle skal få like moglegheiter til å delta på eit kulturtilbod i kommunen, uavhengig av familien sin økonomiske situasjon.

«Juleglede» ynskjer å gjere ein forskjell for dei familiane

som opplever julehøgtida som vanskeleg. I 2021 fekk 82 barn i Luster ei juleglede frå oss.

Me har oppretta ein Vipps-konto til dette føremålet gjennom Luster Røde Kors, og i den samanheng vil me oppfordre både bedrifter og privatpersonar til å gje eit valfritt bidrag til dette føremålet.

**Vipps # 519965 – Juleglede (Luster Røde Kors)**

eller

**Kontonr.: 3785.12.25871**

Ved spørsmål, ta gjerne direkte kontakt med oss på telefon 470 13 690 (Luster Røde Kors)

*Juleglede-gruppa. F.v. Leidulf Kvam (Luster Lions), Liv Helen Nystuen (Gaupne Helselag), Ingrid Mork Nygård (Luster Kommune), Linda Goldmann (Luster Røde Kors), Anita Kjørlaus og Cicilie F. Skjerven (Frivilligsentralen), og Grethe S. Bondevik (Kyrkja i Luster).*



# Helsestasjon for ungdom (HFU)



QR-kode  
Instagram.



Snapkode.

På helsestasjonen i Gaupne har me eit gratis tilbod til ungdommar på ungdomskulen og vidaregåande - Helsestasjon For Ungdom. Me følger skuleruta og har ope kvar torsdag frå kl. 14.30 til kl. 17.00. I feriane kan ein kome på dagtid mellom kl. 12.00 og kl. 15.00.

På HFU kan me snakke om alt du måtte ynskje. Vennskap, familierelasjonar, kjærestar, aktivitet, kosthald, spiseforstyrrelsar, helse, seksualitet, prevensjon, graviditet, psykisk helse, konflikhtar, press, bekymringar, usikkerheit, gleder, sorger, rus, avhengigheit, mobbing,

utdanning/skule og nettvett, for å nemne nokre tema.

Her kan du kome utan å bestille time, men dersom det ikkje passar på torsdagar kl. 14.30–17.00 kan du kontakte oss på 57685605/45878041 for anna tidspunkt. Ynskjer du ikkje å kome aleine, ta med ein ven, eller kom som ei gruppe.

Helsestasjon for ungdom er både på SnapChat og Instagram (HFULuster). Her blir det lagt ut generell informasjon om helse, ulike tema, samt påminning om opningstider og kven du møter.

## Rask Psykisk Helsehjelp

Er du ein av mange som har utfordringar med stress, har mange bekymringar, kjenner deg nedstemt eller har søvnvanskar? Ønskjer du å lære meir om samanhengen mellom tankar, følelsar, kropp og handling (kognitiv metode)?

**Rask Psykisk Helsehjelp** er eit tilbod til deg over 16 år som opplever at du har behov for hjelp til å takle lettare psykiske helseplager som:

- Milde til moderate depresjonsplager
- Ulike angstlidningar
- Søvnvanskar
- Byrjande rusproblem

No tilbyr Rask Psykisk Helsehjelp kurset «Tankens kraft» for deg som har utfordringar med og/eller ønsker å lære meir om temaa under:

- Innføring i kognitiv metode
- Meistring av depresjon og angst
- Meistring av søvnproblem
- Meistring av stress og belastning

Kurset er eit innføringskurs med mål om å gje auka kunnskap om tematikken og fleire reiskap til å meistre eigen kvardag. Kurset går over 4 samlingar à 2 timar. I 2023 blir nye kurs sett opp i februar (28.02 kl. 16.00-18.00), april (18.04 kl. 13.30-15.00), september og november.

*RPH teamet f.v: Vivi Ann Abelsen, Silje Systad Moen og Randi Kalstad.*



### Kontakt og påmelding:

- Telefon: 57 68 56 34
- E-post: [rask.psykisk.helsehjelp@luster.kommune.no](mailto:rask.psykisk.helsehjelp@luster.kommune.no)
- Føl oss på facebook: *Rask Psykisk Helsehjelp Luster*. Her finn du utfyllande informasjon om tilboda våre og kursdatoar.

# Tilbod for **barn og unge**

## Møteplass for ungdom

Me er no i gong med ein møteplass for ungdom. Fyste ungdomsklubb på Hafslo vart arrangert før haustferien i kafeen ved Sogn skisenter. Her var det mange som møtte og dei fekk pizza, spelte playstation, kort, brettspel, VR og koste seg. Tusen takk til Sogn skisenter som let oss bruke kafeen, mens me ventar på å finne eit permanent lokale på Hafslo. Ungdomsklubben skal også starte opp i Gaupne og der skal Friskhus 2 brukast som lokale. Dette skal pussast opp og ungdomsklubben er i gong så fort bygget er klart.

Ungdommane er med i planlegging og arrangering – dei er engasjerte og kjem med mange gode innspel. Ta kontakt med Ingrid Mork Nygård på 94156230 eller [ingrid.mork.nygard@luster.kommune.no](mailto:ingrid.mork.nygard@luster.kommune.no) for spørsmål eller ønskje om å bidra.

For oppdateringar føl ungdomsklubben på snapchat og instagram!



QR-kode for ungdomsklubben sin Instagram.

Snapkode for ungdomsklubben sin Snapchat.



## Gobiten – ein møteplass for alle aldra

Gobiten - generasjonsmøteplass, er no starta opp i Skjolden, Gaupne og Hafslo. Med tema som VR-briller, uteaktivitetar, juleverkstad og påskeaktivitetar har det vore mykje spennande å vere med på. Me jobbar med vidare utvikling i samarbeid med bygdelaga, der me ønskjer å finne ut kva bygdene treng og vil ha.

Har du forslag eller ønskje kring dette? Ta kontakt med Thomas Haugen på tlf. 41393210 eller på [thomas.haugen@luster.kommune.no](mailto:thomas.haugen@luster.kommune.no)





4.-7. trinn koser seg på rafting i Jostedal.

## Ferieaktivitetar

For 9. gong blei det arrangert FriMoro i Parken i Gaupne for 4.-7.trinn. Det var to fantastiske dagar med aktivitetar som kano, kajakk, SUP, pinnebrødlaging, rebus m.m. I år var det ny rekord med totalt 120 deltakarar. Takk til Luster Frivilligsentral, Frisklivssentralen Sogn, Luster Lions, Luster Røde Kors, Nasjonalforeningen for folkehelsen, Gaupne Helselag, Gaupne

omsorgsenter – avd. kjøken, Dans Uten Grenser – Luster, Bufdir og Gjensidigestiftelsen som gjorde dette mogleg.

I år blei det også arrangert Rafting, samt Brevandring og kajakkpadling for denne aldersgruppa. Dette var populært og to spennande dagar. For ungdomskuleelevane var det tilbod om Rafting og Paintball.



I haustferien vart det arrangert gratis aktivitetar for barn og ungdom frå 4. trinn til VG3. 4.-7. trinn hadde ein aktivitetsdag der dei fyst var i Idrettshallen, så i Lustrabadet.

8.-10. trinn tok turen til Sogndal for å klatre, i tillegg til LAN/gamenight på Luster ungdomsskule. Det var godt oppmøte og god stemning alle dagar!

*Alle gav full innsats på drakamp!*

# Livsmeistring – robuste barn og unge



Prosjektet «Livsmeistring- robuste barn og unge», som er eit samarbeid mellom Luster - og Sogndal kommune, har som føremål å utvikle eit heilskapleg og systematisk løp for livsmeistring frå barnehage og ut grunnskulen. Vestlandsforskning har analysert datamateriale som prosjektet har samla inn og levert ein rapport med felles funn og anbefalingar for vegen vidare.

Rapporten viser m.a. at

- Barn og unge ynskjer meir og betre dialog, både heime og på skulen, om tema dei opplev som tabu og krevjande.

- Barn og unge treng tilgang til:
  - Trygge vaksne i nære omgivnader
  - Trygge sosiale relasjonar med jamaldringar
  - Informasjon og hjelp for psykisk helse
- Føresette ynskjer og bør i større grad bli inkludert i aktivitetar organisert av barnehage og skule, både i planlegging, organisering og gjennomføring.
- Verdien av føresette som gode rollemodellar: Gjennom kvardagslege aktivitetar, daglege samtalar med tilsette, andre føresette og unge, kan føresette vise eigne barn korleis ein praktisera grensesetting og dialog i kvardagen.
- Eit felles ansvar: Me må skape ein kultur for å sjå kvarandre og bry oss

Prosjektet går no inn i ein veldig spennande fase med utvikling av tiltak og etter kvart utprøving av tiltaka i pilot- barnehagar og pilot- skular.

## Ungdomslos

Ungdomslos er eit tilbod for elevane på ungdomsskulen som treng litt ekstra oppfølging. Ungdomsløsen kan til dømes hjelpe til med motivasjon til skularbeid, komme i gong med aktivitetar eller hjelp til å komme seg på skulen.

Armando Navarro er ungdomslos i Luster kommunen og har delteke på ei evaluering av los-ordninga gjort av NOVA ved Oslomet. Dei skriv:

*«Sjølv om dei fleste ungdommane i dag greier seg fint, er det nokre ungdommar som står i ein så vanskeleg livssituasjon at dei risikerer å hamna utanfor skule og arbeid. No viser ein fersk rapport frå NOVA at desvse ungdommane kan ha svært positiv effekt av å få hjelp over*


*tid av kommunale lósar i den såkalla LOS-ordninga. Det viktigaste funnet vårt er at LOS-ordninga opplevast som ei god ordning av alle involverte partar, både barn og unge, foreldre og lósar – altså voksenpersonane som skal hjelpe dei unge».*

Elevar, privatpersonar, skular eller andre offentlege tilsetje kan ta direkte kontakt med ungdomsløsen. Dette er eit lågterskeltilbod, så ikkje nøl med å ta kontakt. For å avtale møte kan du anten ringe eller sende melding på tlf. 45979559 eller på e-post: [armando.navarro@luster.kommune.no](mailto:armando.navarro@luster.kommune.no) For meir informasjon om ungdomslos sjå Luster kommune si heimeside.

## Luster fritidsfond

Økonomi skal ikkje hindra barn og unge til å delta på fritidsaktivitetar. Luster fritidsfond har, sidan oppstart i 2020, hjelpt om lag 70 barn så dei kan delta på ulike fritidsaktivitetar. Luster Fritidsfond kan til dømes dekke treningsavgift, fleksibillett til Lustrabadet og nytt for i år er at fritidsfondet kan dekke dagskort og klippekort i Sogn skisenter.

Kjenner du nokon som har lyst til å vera med på fritidsaktivitetar, men som ikkje har økonomi til det, då kan Luster fritidsfond vera til hjelp. Sjå kommunen si heimeside for meir informasjon.



## Sabu-treet

«Sabu-treet» er eit oppslagsverk laga m.a. for at barn og unge sjølv kan finne svar på spørsmål dei lurar på, sjå filmar og få råd til kva dei skal gjere om dei er bekymra for ein ven. Det kan vere mange ting som er vanskeleg å handtere, då er det viktig at barn og unge veit at det er

mange som vil hjelpe dei og at det finst mange vaksne her i Luster som dei kan snakke med om det dei er urolege for.

QR-kode  
Sabu-treet.



## Friskus – digital aktivitetskalender



### Friskus Luster

Målet med Friskus i Luster kommune er at det skal vere ei plattform der alle kan sjå kva som skjer i kommunen. For å oppnå målet må me saman jobbe for å gjere aktivitetar og arrangement tilgjengeleg på Friskus.

Derfor håpar me at alle lag og organisasjonar vil legge ut sine aktivitetar på FRISKUS. Då får me ein enkel og oversikt over alt som skjer i kommunen.

Du finn god informasjon om Friskus på heimesida til kommunen. Om du treng hjelp eller har spørsmål kring dette ta kontakt med Thomas Haugen på tlf 41393210 eller på e-post: [thomas.haugen@luster.kommune.no](mailto:thomas.haugen@luster.kommune.no)

# Verdsdagen for psykisk helse –

## «Fysisk aktivitet for psykisk helse» med Yngvar Andersen

«Verdsdagen for psykisk helse 2022» blei markert på fleire arenaer i Luster i oktober. Nasjonalt var hovudmarkeringa lagt til 10. oktober. For å unngå kollisjon med skulen sin haustferie, valde ein å invitere Yngvar Andersen til å halde inspirasjonsprogram litt på forskot 5. oktober. Med særleg fokus på fysisk og psykisk helse i Lustraskulen, var det viktig å ha med ungdomsskuleelevane i opplegget.

Etter engasjert velkomsthelsing av ordførar Ivar Kvalen, sørga treningsinspirator og TV-profil, Yngvar Andersen, for vidare engasjement med sin enkle filosofi «Berre gjer da».



*Avslappingsøving med pusteteknikk i idrettshallen på Hafslø.*

Først var det samling på Hafslø barne- og ungdomsskule med alle elevane frå begge ungdomsskulane. Seinare på dagen møtte 110 gjester opp på Gaupnetunet i eit program som var ope for alle. Yngvar fortalte om kor vesentleg fysisk aktivitet er for ei god psykisk helse. Det vanka mange gode tips på begge arenaane, både



*Elevane fekk skryt for godt engasjement.*

med pusteteknikk for å roe ned og korte fysiske øvingar. Fokuset var på små endringar og korleis kome i gang. «Trening er ikkje alltid gøy, men det må til – på lik line med tannpussen og oppvasken. Ein blir ikkje nødvendigvis lykkeleg berre av å trene, men ein får det alltid litt betre,» sa Yngvar. Det kan vere vanskeleg å kome i gang, men det er lite som skal til med enkle øvingar for etter kvart å kjenne positive endringar. Med tåhev saman med tannpussen og regelmessig strekk og tøy i løpet av dagen, kan ein rett og slett oppdage at ein blir litt gladare. «Den lille treninga du faktisk får gjort er uendeleg mykje betre enn den fantastiske treninga du ikkje får gjort» konkluderte Yngvar.

*Opplegget for «Verdsdagen for psykisk helse» var eit samskappingsprodukt mellom Folkeakademiet Luster, Luster bibliotek, Luster Frivilligsentral, Nasjonalforeningen for Folkehelsen - Gaupne Helselag, og Luster kommune v/Psykisk helseteam, Folkehelse og Oppvekst.*



*Erfaringskonsulent Jonny Gjerde (t.h.) i samtale med Yngvar Andersen om fysisk aktivitet som viktig faktor i rus/psykiatri-rehabiliteringa.*



VERDENSDAGEN  
FOR PSYKISK HELSE



## Servicekontor for **seniorar**

Eit uforpliktande lågterskeltilbod til seniorar i Luster kommune. Servicekontoret er eit helsefremjande og førebyggjande tilbod, der det blir lagt vekt på kva som er viktig for den enkelte. Målet er at alle i Luster skal ha ein god alderdom der helse, tryggleik og trivsel er godt ivareteke. Kva det inneber vil vera ulikt for kvar og ein.

Tema som ein kan ta opp på servicekontoret er kva som er viktig for deg. Til dømes fysisk aktivitet, ernæring, sosialt nettverk, skadeførebygging og bustad, transportbehov, einsemd, fysisk og psykisk helse. Kva er viktig for deg?

I tillegg til ope kontor ein dag i veka gir Luster kommune tilbod om førebyggjande helsesamtale til alle som ikkje mottek tenester frå pleie og omsorg, det året dei fyller 78 år. Tilbodet er gratis.

Ope servicekontor:  
onsdagar kl. 12-14. i 2. etasje på helsesenteret.  
Ta kontakt med:  
Laila Haugsvær –  
sjukepleiar  
tlf. 948 27 126



## Barne- koordinator

Frå 1. august 2022 er det lovfesta rett til barnekoordinator for familiar som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne. Dette vil vera familiar som har behov for langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester.

Barnekoordinator skal koordinere det samla tenestetilbodet rundt familien, ha oversikt over og vera med på å ivareta ansvaret kommunen har for oppfølging og tilrettelegging for familien.

Barnekoordinator skal syte for at familien og barnet får nødvendig informasjon og heilheitleg rettleiing om dei aktuelle velferdstenestene, samt formidle

kontakt og tilvise til velferdstenester der dette er nødvendig

Barnekoordinator i Luster kommune er Laila Haugsvær. Ho har kontor på Helsesenteret i Gaupne. Du finn meir informasjon om ordninga på heimesida.

# «Fjellet»



Luster kommune har utarbeida ein digital informasjonsmodell – «Fjellet» – som ligg på heimesida. Denne skal synleggjere lokale moglegheiter og tilbod, samt nasjonale ressursar for ein god alderdom. Hensikta er å fremje aktiv deltaking, tryggleik, rett til å bestemme over eige liv og helse gjennom alle livsfasar.

Her kan du som innbyggjar, pårørende eller tenesteytar finne informasjon om sentrale tema for ein god, trykk og aktiv alderdom. Luster kommune har som mål å leggje til rette for eit lokalsamfunn som sikrar gode levekår i alle delar av befolkninga.

## Datakafé med bingo i Gaupne! Våren 2023



Dette er eit tilbod for alle aldra uansett ferdigheitsnivå.

### Måndagar kl 18:00–20:30:

9. januar  
23. januar  
6. februar  
20. februar  
6. mars  
20. mars

Stad:  
**Biblioteket på Pyramiden**

**Velkomen!**

Sjå også Facebook:  
*Datahjelpa i Gaupne*





## Nytt pasientvarslingsanlegg på Luster omsorgssenter

På Luster omsorgssenter er det gamle pasientvarslingsanlegget klar for utskifting. Systemet byrja å få ein del feil som er vanskeleg å få retta opp i.

”Pasientvarslingsanlegget kan varsle tilsette om at aktuelle pasientar «vandrar» og dermed gi tilsette moglegheit til å komme til raskare og forhindra fall.

Det er derfor bestilt nytt pasientvarslingsanlegg, tilsvarende det som er på Hafslø og korttidsavdelinga i Gaupne. Det nye systemet er moderne pasientvarslingsanlegg som inneheld mykje teknologi, og opnar for endå meir i framtida. Dette gjev mange moglegheiter som vil auke kvaliteten på tenesta for pasientane og forenkla kvardane til dei tilsette. Det nye anlegget vil og bli installert på eldresenteret.

Avanserte pasientvarslingsanlegg er eit av tiltaka Helsedirektoratet anbefalar kommunane å ta i bruk (andre

gevinstrealiseringsrapport med anbefalingar, Helsedirektoratet). Ein har sett fleire gevinstar etter at ein har teke i bruk slike anlegg. Eit eksempel på dette er kraftig nedgang i tal fall med skade. Pasientvarslingsanlegget kan varsle tilsette om at aktuelle pasientar «vandrar» og dermed gi tilsette moglegheit til å komme til raskare og forhindra fall.

Det nye pasientvarslingsanlegget vil bli installert i rundt årsskifte og bidra til å oppretthalda god kvalitet på tenesta pasientane får på Luster omsorgssenter.



## Livlege høner i sansehagen på Hafslo omsorgsenter



Nasjonalforeningen Sogndal, Leikanger og Luster demensforening jobbar aktivt for å auka kunnskap om, og forståing for utfordringar og mogelegheiter for personar som er ramma av ein demenssjukdom.

Me er opptekne av å vera til hjelp og tilgjengeleg for både den sjuke og dei pårørande. Me held opne felles kommunale tema-møte, me tek del på kommunale pårørande skular, tek del på stand, går med innsamlingsbøsser og sist men ikkje minst tek me aktivt del saman med personar med ein demenssjukdom.

Me ynskjer aktive og innhaldsrike kvardagar

tilpassa den einskilde og veit at moglegheitene er mange på trass av sjukdom.

Våren 2021 vart demensforeningen gjort merksam på at Helsedirektoratet løyvde midlar for å stimulera frivillige til å engasjera seg i å auka aktivitetstilbodet for personar med demens.

Sogndal, Leikanger og Luster demensforening ynskja å ta del og tok kontakt med leiar, fagleg leiar ved Hafslo omsorgssenter og demenskontakten i kommunen. Interesse for eit samarbeid var svært positiv.

Tilsette saman med brukarar kom fram til at hønseshald var meiningsfullt



arbeid for alle, og noko dei ynskja å samarbeida om for å vidareutvikla.

Demensforeninga søkte om midlar, fekk tilslag, og formaliserte samarbeidet gjennom ei prosjektgruppe der både tilsette ved institusjonen og frivillige var representert.

Tage Nondal, hønsehald - eksperten i gruppa, anbefalte

hønseliv på Hafslo, og veit at mange vil få meningsfulle og gode arbeidsoppgåver knytt til hønse drifta i Sansehagen på Hafslo.

Barnehagar, skuleklassar og andre med interesse må svært gjerne vitja Sansehagen.

Før nytt år vil Nasjonalforeningen Sogndal, Leikanger og Luster demensforening



dekka behov for meningsfullt arbeid. Levande høner vil vera ein trivselsfaktor for mange og forhåpentlegvis vil sansehagen verta ein sosial samlingsplass for fleire.

Nasjonalforeningen Sogndal, Leikanger og Luster demensforening vil nytta høvet til å takka prosjektgruppa og brukarar på Hafslo omsorgssenter, tømrrarlinja på Sogndal vidaregåande skule, Øvrebø fargehandel, Luster Energi, Avery Dennison NTP AS og Hans Nes bygg for godt samarbeid og støtte.

prosjektgruppa å gå for eit vinterisolert hønsehus med plass til 10-12 høner.

Tømrrarlinja ved Sogndal vidaregåande skule tok på seg oppdraget med å byggja hønsehuset. Utvendig måling og innreiing av huset, samt drift og stell skal vera eit samarbeid mellom brukarar av dagtilbodet for personar med demens, bebuarar på omsorgssenteret, tilsette, frivillige og pårørande.

Målet var å ha dugnadsøkter på omsorgssenteret og få opne hønsehuset i vår.

Uforutsette grunnar har gjort sitt til at klargjering av hønsehuset måtte utsetjast til no i haust.

30. oktober skal huset stå klart til å ta i mot 10 dverghøner som Tage har handplukka til oss. Me ynskjer dei eit godt

stella til opningsfest for brukarar, pårørande og tilsette. Utviklinga av hønse drifta vert kjekt å fylgja vidare. Hønsegarden i Sansehagen på Hafslo omsorgssenter vil





F.v. Camilla Leirdal, Marte Broch Hauge, Linn Fuhr, Mali Strand og Ingunn Elise Watsend Erichsen

## Nytilsette på helsesenteret

I løpet av sommaren og hausten har Helsetenesta fått på plass nye tilsette i fleire funksjonar.

Linn Fuhr er medisinsk sekretær og godt i gang på Helsestasjonen. Mali Strand har lang og brei erfaring og er frå

august på plass som psykolog i kommunen. Ingunn Elise Watsend Erichsen og Marte Broch Hauge er kjente ansikt og me ønskjer dei begge varmt velkomne tilbake som fastlegar i Luster kommune.

Camilla Leirdal er nytilsett på helse. Frå november er ho eit ansikt og ei stemme du møter når du tek kontakt med legekantoret.

Velkomne på laget!

## Tykkjer du det er vanskeleg å søkje om å få dekkja pasientreiser?

Du kan søkje digitalt, men det er framleis mogleg å søkje på papirskjema. Digitalt søkjer du på [www.helsenorge.no](http://www.helsenorge.no). Då brukar du eigen bank-ID. Har du spørsmål om pasientreiser, kan du ringe tlf. 05515.

Det er mange som ikkje søkjer om å få dekkja reisene sine. Er det fordi det blir

opplevd som vanskeleg å søkje?

**Du får hjelp på rådhuset**  
Trenge du hjelp kan du komme innom på Sørvisorget på rådhuset i Gaupne. Her vil me prøve å hjelpe dei som sender krav via papirskjema. Det er viktig at du har med deg

dokumentasjon frå behandlar om du måtte ha følgje med deg.



# 100 på eldredagen



Dei gjekk ikkje glipp av finvèret, dei 100 som møtte opp på Eikum Hotell den 4. oktober. Det regna og blæs ute, men på Eikum var det fint å vere.

Der var det konsert med Arne Mørch – ”Minnes Melodier”. Han spelte låtar som var populære i perioden 1950-1975, mellom anna *Nidelven*, *Hele uken alene*, *En liten pike i lave sko*, *En sommer er over*.

Eikum Hotell sytte for god middag og blautkake til dessert.

Ordførar Ivar Kvalen informerte om aktuelle politiske saker. Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken før sommaren. Her har det vore stort engasjement frå råda, særleg om møteplassar. Både eldre og yngre er opptekne av møteplassar og aktivitetstilbod fordi mange i dag opplever einsemd.

Straumprisane kom ordføraren innom òg. Kommunen tilbyr straumavtale både til private og næringslivet. – Det er stas med høge kommuneinntekter, men det hadde vore best om straumprisen låg på det jamne, sa ordføraren.

Rådmann Jarle Skartun har i år snakka om 4 K’ar. Korona, krig, kraft og kapital. Det påverkar kommunane si drift på fleire måtar. Me opplever at kommunen handterte pandemien på ein god måte, og at mottak av flyktningar går fint.

Framover vil kommunen få rekrutteringsutfordringar. Når me ser på framskrivingar i folketallet i Luster, vil det vere ein stor auke i aldersgruppa 80+. Det er forventna nesten ei dobling frå 2020 til 2040. Me er starta planleggingsarbeid for å førebu oss på denne veksten.



Det blir vurdert nytt helsehus og eldrebustader. Dette blir politiske saker framover.

Praten gjekk godt ved borda og det var fornøgde gjester som gjekk ut att i regnet på ettermiddagen. Eldrerådet samarbeider med Folkeakademiet Luster om arrangementet.



# Nytt frå ATS

## Vedsesongen 2022

ATS har hatt ein svært hektisk haust på grunn av stor auke i interessa for kjøp av ved.

1. august var all veden på lager bortbestilt, og etter det måtte ein skuffa mange både «gamle» og nye kundar med svar om at «lageret er dessverre tomt». Ein greidde likevel å produsera nokre hundre sekkar gjennom hausten som var tørre og leveringsklare

1. desember, samstundes som det då også vart opna for bestilling av ved for levering hausten 2023.

Månadane august, september og oktober gjekk med til å få transportert ut dei 8500 ved-sekkane til dei mange kundane i Luster, Sogndal og Leikanger, noko som førte til stort press på transportkapasiteten ved senteret. Dette er ein jobb som vanlegvis strekkjer seg over heile hausthalvåret - og gjerne til over nyttår -, noko som førte til at ein del av kundane måtte venta lengre enn vanleg på veden sin. For sjølv om ein sparar fraktkostnad dersom ein hentar veden sin sjølv, vel dei fleste å få veden levert.

ATS produserer ved heile året, og er godt i gang med produksjon av ved som skal leverast hausten 2023. Veden vert produsert av lokalt råstoff, og kappa og kløyvd godt tilpassa moderne omnar og gjeldande fyringstips. På nyåret tek vedgruppa i bruk heilt ny vedmaskin, ei ny sterk Tajfun-maskin, samstundes som den gamle Kisamaskina vert teken ut av bruk. Denne gamle maskina har forøvrig vore ei fantastisk maskin for senteret si produksjons-linje, men etter 20 år og etter å ha produsert ca. 150.000 ved-sekkar har den no hatt fleire driftsstansar og er moden for utskifting.

## El-sykkelprosjektet

### «Leiga for å prøva elsykkel»

Det treårige elsykkel-prosjektet med støtte frå Miljødirektoratet vert som planlagt formelt avrunda ved nyttår 2022-23. Prosjektet har hatt som føremål å leiga ut elsyklar for å gje innbyggjarane mogelegheit til å prøva slike relativt dyre sykklar før ein eventuelt bestemmer seg for å kjøpa sin eigen. ATS har hatt ansvaret for den praktiske



ATS leverer ved til kundar i Luster, Sogndal og Leikanger. Bileta er frå ei omlasting av veden på Hanahaug i Leikanger.



Vedgruppa på ATS har gjort eit grundig og godt arbeid ved vurdering av aktuelle vedmaskiner. Her er gruppa på synfaring hjå importøren av Tajfun vedmaskiner på Frya i Vinstra.



Ved god hjelp av lokale reparatørar på mekaniske og elektriske fag har ein greidd å halda den gamle Kisa-maskina gåande i snart 20 år.

gjennomføringa av prosjektet, og ein har i prosjektperioden gjort seg nokre viktige erfaringar:

- Det har vore relativt stor interesse for å leiga elsykkel i sommarhalvåret frå juni til september, minimal interesse i vinterhalvåret. Her skil Luster seg litt frå landstrendane, der ein ser ein viss auke i interessa for sykkelbruk også om vinteren.
- Vårt inntrykk er at elsyklane for det meste har blitt leigd til fritidsbruk. I liten grad har ein registrert at dei som leiger elsykkel har erstatta ordinær bilbruk til jobb, butikk, barnehage osv. med bruk av elsykkelen. Offroad-syklane har vore særleg attraktive å leiga.
- På grunn av prosjektet sitt føremål og støtta frå Direktoratet har leigeprisane i prosjektet vore svært låge. Dei låge leigeprisane kan paradoksalt nok ha ført til at einsskilde har valt å leiga elsykkel ein periode i sommarhalvåret i staden for å kjøpa seg sin eigen sykkel. Her spelar nok også ein litt vanskeleg tilgang til kjøp av elsyklar, med høge prisar og lang leveringstid på einsskilde modellar, inn.

ATS vidarefører i 2023 utleige av elsyklane innanfor justerte rammor.

Det er framleis stor restverdi i dei 12 elsyklane som vart kjøpt inn til prosjektet, og dei fleste av dei er framleis i god stand. Ein tek sikte på å justera leigeprisane for å ta høgde for påkomande vedlikehald, reparasjonar og administrasjon, men samstundes leggja vekt på at dette framleis skal vera ein rimeleg mogelegheit til å prøva før ein eventuelt vel å kjøpa eigen sykkel.

På sikt kan det også bli aktuelt å investera i fleire sykklar, ev. sykklar med høgare fart.

#### Mottak av bomullstøy

ATS tek imot bomullstøy til riving. Hå ATSt vert tøyet rive til tørkefiller som vert nytta i industrien, td. i trykkeri, mekanisk industri etc. Tørkefillene vert rivne i høvelege bruks-størrelsar og levert i 10kg nettingsekker.

Du kan anten levera tøyet inn på ATS, eller i eigen container på Miljøstasjonen i Gaupne. Det er viktig at tøyet er reint og godt eigna til å tørka med. Tøyet treng ikkje vera av 100% bomull, men må likevel vera hovudsakeleg av bomull. Syntetiske stoff som nylon, viscose etc. kan ikkje nyttast fordi dei har svært dårlege tørkeegenskapar.

Bomullstøy som er veileigna til å riva tørkefiller av kan vera sengetøy som dynetrekk, putevar og

laken, handkle og kjøkkenhandkle, skjorter og T-skjorter, dukar mm.

Kle som du meiner er brukande for andre kan du framleis levera i egne kle-containerar.



Tommy med el-sykkelen.

Innhaldet i desse containerane vert sendt til sentrale mottak for gjenbruk.

Me leverer alt for mykje restavfall. Å levera tøy til riving eller gjenbruk er ein av mange måtar du kan gje eit positivt bidrag i jobben med å ta vare på kloden vår!



Marta og Matilde.



Anne Karin og Jane.



Christoffer og Caroline.

# Oppstart av kommuneplanen sin arealdel

Luster kommune skal starte revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

Kommuneplanen er eit styringsverktøy for den langsiktige utviklinga i kommunen. Den omfattar både ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen som vart revidert i 2021 – 2022, sett mål for Lustrasamfunnet og kommuneorganisasjonen.

Arealdelen tek utgangspunkt i måla i samfunnsdelen og overfører dei til den fysiske utviklinga i kommunen, ved å angi hovudtrekka i arealdisponeringa og gje rammar og vilkår for nye tiltak som skal settast i verk. Kommuneplanen styre til dømes kor det skal byggast nye bustader, fritidsbustader eller næringsetableringar, kor tett og høgt det skal byggast i dei ulike områda, og kva område som skal utviklast først.

Sjølve planen består av ein planomtale med føresegnar og retningsliner, eit plankart med arealbruksavgrensingar og ein forenkla konsekvensanalyse for aktuelle område.

Arealbruksavgrensingar og føresegnar er juridisk bindande jf. plan og bygningslova.

Planprosessen tek rundt eit år, og vil starte med utlegging av planprogram før jul 2022. Innan vedtak av planprogram vil me ha ein runde med aktiv medverknad. På nyåret

blir det mellom anna opne møte med dei ulike bygdene og opne kontordagar der ein kan komme og ta ein prat om arealutviklinga.

Om du har innspel til planen er det viktig at du får meldt det inn tidleg i planprosessen. Det vil vere opent for å

kome med innspel fram til utgangen av februar 2023. Deretter vert det fokus på å utarbeide plandokumenta.

Om du ynskjer å sende eit innspel til kommuneplanen sin arealdel er det viktig at du:

- Teiknar inn det aktuelle området i kart og oppgjer relevant gards- og bruksnummer. Teikninga må vere tydeleg og lett å lese. Kommunen sin kartteneste

på [www.kommunekart.com](http://www.kommunekart.com) har verktøy for å lage enkle teikningar i kart.

- Gjer greie for kva som er føremålet med forslaget og kvifor det er i tråd med lokale føringa i samfunnsdelen eller andre sentrale politiske dokument handsama av Luster kommune. Dette må vere skriftleg.

Innspel som er i sterk konflikt med viktige verneverdiar og overordna føringar vert ikkje vurdert.

Om du har innspel til kommuneplanen kan du sende det til [post@luster.kommune.no](mailto:post@luster.kommune.no). Merk e-posten med «innspel til kommuneplanen sin arealdel». Spørsmål om planen og korleis ein kjem med innspel kan rettast til kommuneplanleggjar Oliver Bjørndal på e-post: [oliver.bjorndal@luster.kommune.no](mailto:oliver.bjorndal@luster.kommune.no) eller telefon: 908 23 084



# Kommunedelplan for naturmangfald

**Målet er å kunne leggje framlegg til plan ut på høyring dette året og målet med planen er at Luster kommune skal ta vare på naturmangfaldet i kommunen gjennom berekraftig bruk og vern.**

Naturmangfaldet er alle dei ulike variasjonane av liv som finns i naturen. Begrepet omfattar dyr og planter i alle geografiske områder og i ulike økosystem. Eit økosystem kan samanliknast med eit samfunn som består av ulike arter. Det er fyrste gong det vert utarbeida ein slik plan for Luster kommune, så det er spanande men også krevjande å lage noko som me trur og håpar

vert nyttig for alle som bur her. Naturen og naturmangfaldet er livsgrunnlaget vårt og gir også grunnlag for betre helse og trivsel. Naturverdiane og naturmangfaldet må difor i størst mogleg grad takast vare på til glede og nytte for innbyggjarane i kommunen i dag og for framtidige generasjonar. Tapt natur og naturmangfald kan vanskeleg erstattast.

Den naturen og det naturmangfaldet me har i dag er ein kombinasjon av natur, landbruk og det moderne samfunnet. Landbruket bidreg til eit variert og artsrikt kulturlandskap med beitedyr og slått. Utfordringane er

at det moderne landbruket har færre beitedyr i utmark, store monokulturar, meir bruk av sprøytemiddel og meir avrenning. Men det største presset på naturen og naturmangfaldet er arealendringar i form av stadig meir utbygging og nedbygging, spesielt i og rundt kommunesenter og bygdesenter. Arealendringar slik som utbygging, utfylling, grøfting og oppdyrking utgjer den største trusselen for naturmangfaldet i Luster, i Norge og i resten av verda. Det er derfor viktig at me har naturmangfaldet som eit vurderingskriterium når me utarbeider planar som vil kunne



## **Skjersgrovi:**

*Skjersgrovi renn midt gjennom bustadfelt i Gaupne, men har eit utruleg rikt plante og dyreliv. Det er lovpålagt å bevare kantvegetasjon til vassdrag då den er svært viktig for å oppretthalde dyrelivet og naturmangfaldet i bekken/elva. Vatn har også ein stor verdi for dei som går tur langs elva eller oppheld seg i nærområdet.*



## **Myrområde:**

*Store myrområde er viktige for dyrelivet, dei lagrar mykje CO2 og dei lagrar mykje vatn som vil dempe verknadene av mykje nedbør over kort tid. Dei store myrområda er også viktige for friluftslivet, spesielt om vinteren då det er fint å legge skiløypene her.*

**Beitedyr:**

*Sau, kyr, hest og andre beitedyr er svært viktige for å hindre at naturområde og innmarksbeite gror att. Fleire av dei mest artsrike områda me har i kommunen har oppstått grunna slått og beite.*

**Framandart:**

*Nokre arter høyrer ikkje naturleg heime i norsk natur og dei kan mange stader utkonkurrere dei naturlege artane på staden. Rynkerose er ein av dei. Planen har forslag til tiltak for å hindre vidare spreiding av framandartane i naturen vår.*

endre korleis eit areal fungerer. Mange små arealendringane lokalt vil saman utgjera eit stort tap av naturmangfald både lokalt og nasjonalt.

Luster kommune har mykje natur og mykje verna natur, så ein kan lett tru at me ikkje treng å tenkje så mykje meir på naturmangfaldet. Heile 52% av kommunen er verna, men mesteparten av denne verna naturen ligg eit godt stykkje frå der folk bur og oppheld seg i kvardagen. Det er nær samanheng mellom natur, naturmangfald, fysisk og psykisk folkehelse. Sjølv om Luster kommune ikkje har byar, så er fleire av tettstadane våre nokså tett utbygd og ligg på stader som er sterkt avgrensa frå naturen si side av bratte fjellsider og fjorden. Forsking viser at det er viktig at dei som bur i tettstadene har lett tilgang til natur og naturopplevingar

i kvardagen. Alle bør ha gå-tilgang til eit nærtur-terreng.

Natur nær der me bur kan nyttast av alle til turar, naturopplevingar og til undervisning i skulane. Statistikk frå Statistisk sentralbyrå viser at berre 24% av dei som bur i tettstadene i Luster har i 2020 trygg tilgang til nærturterreng. Snittet for heile landet ligg på 45% og det er naturleg nok dei største tettstadene/byane som har dårlegast tilgang. Til samanlikning har 34% trygg tilgang til nærturterreng i Oslo. Vår plan vil, i tillegg til nasjonale føringar, fokusere på naturmangfaldet i dei områda som har størst utbyggingspress og dei områda som ligg nær skular og bustadområde. Desse nærområda er det mange som ynskjer å bruke og dei er difor trua av nedbygging, slitasje og anna øydelegging. Det gjeld å prioritere rett dersom

me ynskjer å oppretthalde naturmangfaldet i nærområda våre. Det å ta vare på natur og naturmangfald der me bur er ei investering for framtida. Det er komplisert og kostbart å tilbakeføra øydelagde område til naturområde, men dette kan også vera ei aktuell løysing der det viser seg å vera behov for dette.

Kunnskap er viktig. Eit viktig mål i planen er å spreie kunnskap om kor viktig naturen og naturmangfaldet er for oss alle. Kunnskap er avgjerande for å kunne sjå og forstå samanhengen mellom oss sjølve og naturen rundt oss. Planen skal når den er ferdig vera eit styringsverktøy for Luster kommune i spørsmål, vurderingar og problemstillingar knytt til naturmangfald og naturmangfaldlova. Viktige og kartfesta område i planen skal innarbeidast som omsynssone



natur i kommunen sin kommuneplan - arealdelen.

Sabima er ein miljøorganisasjon som arbeider for å stanse tapet av naturmangfald. Årleg arrangerer dei noko dei kallar naturkampen basert på kva val kommunane har teke og korleis det går i kommunen med 15 utvalde tema som påverkar naturmangfaldet. Tala er basert på dei tala kommunen sjølv rapporterer inn. Luster er rangert som nr. 18 på landsgjennomsnittet. Kommunen scorar høgt på:

- Fersk arealplan.
- Kommunedelplan naturmangfald under arbeid.
- Lite strandsone går tapt til nye bygg.
- 0 daa nydyrking av myr.

Me skårar langt dårlegare enn landsgjennomsnittet på:

- Tap av jordbruksland - her er me ein versting og er rangert som nr. 236 av alle kommunar.

- Kor mange får dispensasjon til å køyre i utmark? Me er ein versting og rangert som nr. 224.
- Natur som vert nytta til hyttebygging - der er me ein versting og er rangert som kommune nr. 202.
- Kor mange får bygge i LNFR områder? - dette er dispensasjonssøknader og me er rangert som nr. 164.
- Har kommunen reguleringsplan for naturvern? - me har ingen og er rangert som nr. 159.
- Vil kommunen bli arealnøytral? - her har me eit stort forbedringspotensial, rangert som nr. 35. Areal-endingar er den største trusselen mot naturmangfaldet.
- Prøver kommunen å stoppe spreieing av framande arter - også der får me negativ score, rangert som nr. 35.

Du kan lese meir om naturkampen og Sambima på [www.sabima.no](http://www.sabima.no)

Planen har ein hovuddel og ein handlingsplan. Når planen er ferdig utarbeida vert den lagt fram for formannskapet, som vedtek utlegging til offentleg ettersyn. Det vert ein høyringsperiode på 6 veker der alle kan komme med merknader til planen. Målet er også å kunne presentere planen på opne møte. Når høyringsperioden er over vert alle merknader gjennomgått og aktuelle merknader vert innarbeida i planen før endeleg vedtak av planen i kommunestyret. Då dette er den fyrste planen for naturmangfald i kommunen, vert det foreslått ei fyrste rullering etter 4 år, seinare kvart 8 år. Håpet er at dette vert ein plan som aktivt vert nytta av sakshandsamarar, utbyggjarar og dei andre innbyggjarane våre.

### **Batatjørni:**

*Batatjørni er ei fin lita tjørn med myrområde, beite og fulldyrka jord rundt.*



# Flahamarskjeret i Lustrafjorden

No i haust vert det meldt oppstart på reguleringsplanarbeid for Flahamarskjeret i Lustrafjorden. Skjeret er den einaste holmen i Lustrafjorden, noko som gjer det til eit landemerke. Skjeret er kjend for å vera eit viktig hekke- og rasteområde for eit mangfald av fuglearter, mellom anna dei truga artane hettemåke og makrellterne, men òg for meir

vanlege artar som fiskemåke og raudnebbterne. Den mest sårbare perioden for fuglane er i hekkeperioden frå midten av april og ut juli månad, då menneskeleg påkjenning kan skremme fuglane vekk, medan reir med egg og ungar ligg opent for å takast eller øydeleggast. Hensikta med planen vert fyrst og fremst å lage reglar for å redusere ferdselen på og rundt


skjeret i den mest sårbare hekkeperioden. Det vert i eit lengre perspektiv opna for moglegheita til å etablere fuglekikkartårn som kan brukast til rekreasjon og undervisning.

Du kan følgje planprosessen på heimesida til Luster kommune, [luster.kommune.no](http://luster.kommune.no)



*Flahamarskjeret frå rasteplassen.*

*Forslag til planavgrensing.*




# Sandvikhaugen

Planen (Sandvikhaugen, planID 2022002) har vore på offentlig ettersyn, og det kom inn fleire merknader. Mellom anna påpeikte Statsforvaltaren at det er mangel på leikeplass i området. På bakgrunn av dette blei det vurdert, at det vert naudsynt å utvide heile planområdet. Dette vil gjere det mogleg å rydde i gamle planar, i tillegg til å leggja til rette for å kunne utbetre og sikra eksisterande leikeområde.

Ved å utvide planområdet får me stadfesta arealføremål. Planen vil vidareføre reguleringsføremål frå tidlegare planar, og føresegner vil bli oppdatert i forhold til gjeldande lovverk. Leikeplass og ballbinge vil bli regulert til leikeareal framfor bustad og dermed sikra mot nedbygging.

Det er lite endringar i forhold til fyrste planforslag: det blir lagt opp til ein ekstra tomt der det i dag er trafostasjon og ein liten utviding av eksisterande parkeringsareal og bosoppstilling ved Sandvikvegen.



## Digitalt arkiv, tilgjengeleg for deg og meg

Visste du at du kan sjå historia heilt tilbake til 1731 på nett?

Arkivverket har skanna og gjort tilgjengeleg dei aller fleste kyrkjebøkene som oppbevarast i statsarkiva.

I tillegg er millionar av personpostar søkbare. Kyrkjebøkene er uvurderlege

kjeldemateriale for slektsgranskarar, men dei er også viktig kjeldemateriale for historikarar og folkeminnegranskarar.

Du kan sjå kyrkjebøker frå Luster kommune på

<https://media.digitalarkivet.no/>

# Digitale hjortevaldkart

Kommunen har digitalisert hjortevaldkarta. Desse karta er publisert på [kommunekart.com](https://kommunekart.com). Valdkarta finn du enkelt ved å zooma inn på Luster kommune for deretter å trykke på kommunevåpenet/kartlag, og hake av på hjortevaldkart. På kommunekart vil ein finne hjortevaldgrensa, jaktfeltgrenser, storleiken på jaktfeltet og hjortevaldet. Det er også blitt laga ein publikumsvariant som viser valdansvarleg for valdet. <https://kommunekart.com/klient/sognekart/sognekart>

I samband med digitalisering av valdkarta vart øvre grense for teljande areal endra til 900 meter, for alle hjortevald. Årsaka til at me ynskjer å endre til 900 meter er at skoggrensa stig og at me ynskjer at regelen skal vera lik for alle. Det vil også vera enklare å administrere for kommunen ved endring av hjortevaldgrenser. Me ser også at andre kommunar i området nyttar seg av høgdekurver ved fastsetjing av teljande areal.





Foto: Hildegunn S. Heggstad.

# Ombygging av Veitastrond barnehage

Det er ikkje mange år sidan Veitastrond berre hadde ein korttidsbarnehage, som var open fire timar fire gonger i veka. No har bygda eit aukande barnetal, og både barnehage og skule er i vekst. Dette fører naturleg nok til eit større arealbehov, og dermed var

ombygging ein realitet. Boden som me tidlegare hadde brukt til uteleiker og eit rom som vart brukt som lager fekk gjennomgå. Golvet vart teke opp, varmekablar lagt, det kom både større og nye vindauge, nye toalett vart bygd og veggjar vart måla. I løpet av kort tid var

leikeboden og lageret gjort om til ein fin og moderne grov- og fingarderobe. Fingarderober er i dag eit populært leikeområde for barnehageungane, og særleg stas er det å stå oppå møblane og sjå ut.



# Utviding av **Gaupne barnehage** 2021-22



Arbeidet med oppføring av bygg til ny avdeling i Gaupne barnehage tok til hausten 2021, og vart teke i bruk August 2022 som planlagd. Kapasiteten er med det auka frå 114 til 132 barnehageplassar.

I samband med utvidinga vart også personaldelen i eksisterande bygg utvida for tilpassing til fleire tilsette. Etter krav frå arbeidstilsynet er det no etablert kjønnsdelte garderobar.

Utover krav i arealnormen for barnehagar rommar nybygget også:

- Oppvarma og ventilert vognrom.
- Rom for spesialpedagogisk tilbod.
- Lagerrom for pedagogiske hjelpemiddel og reinhaldsrekvisita.
- Eit stort og to små møterom (til foreldresamtalar m.m.).
- Arbeidssone for studentar.

For betre integrering av nytt og tidlegare byggjesteget er desse samanbygd med letak.

I tillegg er det utført ei rekkje tiltak for å betra tilhøva for drift av barnehagen:

- Ny vognbod mot aust for lagring av barnevogner og el-syklar.
- Nytt sanitæranlegg/ oppgradering av varmestove i Grindane.

*Nytt personalrom.*



- Oppføring av gapahuk og tregjerde på friområde i samråd med Bukti vel.
- Asfaltering av gangveg og aktuelt trafikkareal inne på leikeområdet.
- Etablering av mellombels p-plass i «Jordbærhagen»

Ei særskilt utfordring har vore utføring av byggearbeid samstundes med full drift av barnehagen.

Godt samarbeid mellom entreprenørar, prosjektleiar og tilsette i barnehagen har bidrege til at prosjektet er gjennomført utan uhell og for store ulemper for brukarane.

Små og store brukarar ønskjes lukke til med kjekke dagar i Gaupne barnehage!

#### Kontraktspartar ved gjennomføring av prosjektet:

##### Prosjekterande:

Arkitekt:

Arkitektkontoret

Erling Haugen AS

Rådgjevande ingeniør bygg:

Ingeniørkontoret Per Berteig AS

Rådgjevande ingeniør elektro og VVS:

Norconsult AS

Rådgjevande ingeniør brann:

SOS Brannconsult AS

##### Utførande:

Byggentreprenør:

Vestlandshus Sogn AS

Underentreprenørar bygg:

Rygg Uglum Bygg og Betong AS,

Brødrene Lomheim AS

Elektroentreprenør:

Josvanger Elektro AS

VVS-entreprenør:

Bent Vikøren AS

Ventilasjonsentreprenør:

GK inneklime AS


I tillegg har desse føretaka bidrege til gjennomføring av tilleggstiltak:

Ole Mads Norenberg AS

Luster ATS



*Grindane.*



*Leikerom i ny avdeling.*



*Gapahuk levert av ATS.*

# Asfaltering av kommunale vegar

Luster kommune har asfaltert nokre kommunale vegar og bustadfelt i haust.

Vegane som har fått nytt dekke er:

- Leirdalen ca. 1300m
- Gaupnegrandane ca. 200m
- Gaupne sentrum/Pyramiden ca. 150m
- Høyheimsvegen og Høyheimsvik ca. 400m
- Beimsbakkane på Hafslo ca. 400m
- Bakkingavegen på Hafslo ca. 150m – dette er reparasjon etter større vasslekkasje og utskifting av kummar

- Fortau Galden, Hafslo – fortauet er bygd nytt og forlenga over busslomma og asfaltert saman med heva gangfelt over kommunevegen. Dette er eit trafikktryggingstiltak som kommunen har fått tilskot til, frå Vestland fylkeskommune.

Parkeringsplassen på Krossen, Mollandsmarki er asfaltert, og her vil det bli merkt opp parkeringsplassar til våren. Kommunen håpar dette vil føre til ryddigare parkering og betre framkomst for større køyretøy.

Vegen Hauge – Sterri – Hillestad har fått nytt veglys, og litt reparasjon av vegdekke måtte gjerast i ettertid.

Steinabakken i Luster var sett opp med nytt dekke i år. Dette vart utsett til neste år pga. utskifting av rekkverk. Nytt betongfundament er ferdig og rekkverket vart montert i månadsskiftet oktober/november. I tillegg må ein større mur på vegen skiftast ut.





# Året som har gått

## – Stiftinga Ormelid gard

Dette året har det vore store bygge- og restaureringsprosjekt i Ormelid.

Selet på Nedstestølen er kome på føtene att. I mai starta sherpane med å ferdigstilla murane – som truleg har vore eit steinsel. Deretter vart tømraselet, som vart teke ned hausten 2018, frakta opp att med helikopter og sett opp att på



*Stein- og tømraselet på Nedstestølen.*

murane. Det står att noko arbeid som skal utførast våren 2018. Dette er m.a. oppattbygging av peis i steinselet, legging av torvtak og listing m.m.

Nytt uthus med våtrom og dusj og 3 utedoar stod ferdig i oktober. Dette inneber ei viktig oppgradering for arbeidsfolka på garden. Utedoane er også eit tilbod til besøkjande.

Det største prosjektet er steinstova som skal gjennom ei totalrestaurering. Nytt tak er lagt over sjølv stovhuset og ny konstruksjon og tak over mellomgangen. Her er det også lagt eit solid hellegolv. Vindauga er teke ut og skal restaurerast i vinter. Til våren vert det lagt nytt golv på loftet og ny utvendig



*Nytt tak på steinstova og mellomgangen.*



*Det nye uthuset med våtrom og utedoar.*

trapp frå mellomgangen. Veggene skal pussast og kalkast. Peisen skal restaurerast og ny skorstein vert bygd opp att. På kjøkenet vert det nytt golv og ny kjøkkeninnreiing. «Tapeten» i stova viste seg å vera brannfarleg asfaltapp. Den vert fjerna og den gamle, breie panelen som ligg under vert henta fram att.

Slåtten denne sumaren baud også på utfordringar med mykje regn. Men ved hjelp av ungdommar på sommarjobb vart

det hesja svært mykje. Slik fekk ein inn mykje turrhøy også dette året.

Utan mykje god ekstern finansiering hadde ikkje stiftinga kunna gjennomført alle desse prosjekta. Nybygg er det som er vanskelegast å skaffa midlar til, og difor stor takk til Luster kommune og Luster Sparebank som var med å finansierte uthuset.

*Sommar med hesjing i Ormelid.*



# Sørheim Fjordpanorama

Mange søker næringsfondet for hjelp til å sette ideane til livs, ein av dei er Sørheim Fjordpanorama, ei hytte med ein heilt spektakulær utsikt. Brørne Hallvard og Thomas Sørheim Evjestad skriv:

«Me er i desse dagar presentert Sørheim Fjordpanorama og Fjord Wilderness. Me kan no tilby spektakulær overnatting i ei luksuriøs hytte på kanten av høgdegarden Bergheim. I tillegg tilbyr me guida turar i Lustranaturen, primært på Sørsida.

Sjølv om me har hatt heimesida på nett ei tid, har me venta med lanseringa og

marknadsføringa til hytta på Bergheim var ferdig. Byggeprosessen og ferdigstillinga har teke mykje tid og krefter, men me meiner no at hytta er eit spanande blikkfang og kan vera sentral i all profilering og marknadsføring av den totale produkt- og tenestpakka vår.

Så langt har me hatt litt guidingoppdrag og «test-overnatting» av gjester (utanlands) og gjester som jobbar i bransjen. Tilbakemeldingane er udelt svært positive. Me har også hatt fleire visningsturar med turoperatørar i regi av Visit Sognefjord.

Diverre nådde me ikkje høgsesongen i år, og målet no er å koma ut og bli synlege i marknaden m.t.p. neste sesong. Men me vil samstundes ha fokus på hausten og på skuldersesongane (tidsrom på sida av høgsesong). Legg opp til heilårstilbod, både med aktivitetar og overnatting.

Luster kommune har vore viktig bidragsytar i form av lån og oppstartstilskot. Me har også fått tilskot av Innovasjon Norge til prosjektet.»

*Foto: Håvard Nesbø*





## TV-aksjonen 2022

Søndag 23. oktober var det TV-aksjon, som i år gikk til **Leger Utan Grenser** for å gi livreddende helsehjelp og medisinar til menneske som treng det mest.

I Luster vart det totalt samla inn kr. 356.496,- av totalt kr. 266.211.650,- innsamla i heile landet. Dette er ny rekord for TV-aksjonen, og Luster bidrog godt. Det vil seie på 17 plass av totalt 43 kommunar i Vestland og på 97 plass av

357 kommunar i landet. Kvar innbyggjar i Luster bidrog med kr. 67,96 – noko som er kr. 18,89 over landsgjennomsnittet.

På vegne av aksjonskomiteen i Luster vil me få takka alle som bidrog til årets TV-aksjon, med stort og smått - ikkje minst til alle dykk som gikk årets viktigaste søndagstur med bøsser. Tusen takk!

*Marianne Bugge*

## Sverre Grindhaug 100 år

På sjølve hundreårsdagen den 25. juli samla Sverre heile familien til stort selskap. Dagen starta med god middag på Eikum Hotell, og kl. 16.00 var inviterte gjester samla til kaffi og kaker heime på bruket Grindhaug på Indre Hafslo, der og ordføraren var så heldig å få komme på besøk.

Det er ein svært sprek 100-åring som feirar dag. Sverre fortalte livleg om tida i ungdomen og livet på heimgarden.

Sverre fortalde og om tida i Årdal. Han fekk arbeid på Årdal og Sunndal Verk (ÅSV) i 1947 og var vekependlar fram til han og kona Anna flytte til Øvre Årdal i 1951.

Han arbeidde på ÅSV fram til i 1985 og som pensjonistar flytte Sverre og Anna heim att til Grindhaug.

Sverre fortalde om den store utviklinga det hadde vore på verket desse nesten 40 åra han var tilsett, spesielt på HMS og arbeidsmiljø vart det ei stor betring, men la til at ÅSV hadde vore ein svært god arbeidsplass alle desse åra.

Sverre sette stor pris på å samle heile familien på denne store jubileumsdagen.

Luster kommune vil gratulere Sverre Grindhaug så mykje med 100 års dagen.





## Informasjon

**Returadresse:**  
**Luster kommune**  
**Postboks 77**  
**N-6866 Gaupne**  
**Noreg / Norway**



*Julegateopning, julemarked og julelotteri i Solvorn 2021.*

*Foto: May Toriseth.*



## LUSTRA NYTT Nr. 2 - 2022

Opplag: 4.150. Vert distribuert gratis til alle husstandar i Luster kommune og til abonnentar utanfor kommunen. Magasinet vert også sendt til alle avdelingar på Lærdal sjukehus.

Redaksjonen avslutta 16. november 2022.

Ansvarleg redaktør: Rådmann Jarle Skartun.

Redaksjonen er lagt til Kommunikasjon v/Ingrid Haukadal.

Alle tenesteeiningar har informasjonsansvar, og er bidragsytarar til redaksjonen.

Tilbakemeldingar, tips osv. kan gjevast til nemnde adresser.

Redaksjonen si adresse:

Luster kommune, Lustranytt,

Postboks 77, 6866 Gaupne

Tlf. 57 68 55 00

E-post: [postmottak@luster.kommune.no](mailto:postmottak@luster.kommune.no)

Layout/produksjon: [sognefjord.net](http://sognefjord.net) as | Tlf 959 86 632

Framsidedfoto: *Stemming på utsikten i Luster.*

Foto: *Siri Ann Skagen*

## Viktige telefonnummer

Helsesenteret/Lege i kontortida

Tlf. 57 68 56 00

Sentralbordet i servicetorget på rådhuset er også sentralbord for kontora på helsesenteret med unntak for legane, dvs. for fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjonen og psykisk helse.

Legevakt

Tlf. 116 117

Tannlegen i Nesgården

Tlf. 57 65 63 90

Kommunaltekn. beredskap

Mob. 481 02 120

(veg/vatn/kloakk)

NAV Luster

Tlf. 55 55 33 33

Andre viktige telefonnr.:

Melding om brann

Tlf. 110

Vakthavande brannbefal

Mob. 416 59 440

Politi/Lensmann

Tlf. 112

Ambulans

Tlf. 113

## Opningstider i jula

### Rådhuset

Måndag 26. desember: stengt

Tysdag 27. desember: stengt

Onsdag 28. og

torsdag 29. desember: ope 10:00-14:00

Fredag 30. desember: stengt

### Luster legekantor

Måndag 26. desember: stengt

Tysdag 27. til

fredag 30. desember: ope 9:00-14:00

